

Master i sosialt arbeid

***Korleis opplever ungdomar å verte tekne vare på av den
kommunale barnevernstenesta?
Opplever dei å få seie sine meiningar og verte høyrte?***

**Ei kvalitativ studie av ungdomar sine opplevingar med fokus på rettar, barnet
si stemme, kommunikasjon og relasjon**

Marita Sælevik

Vår 2014

Institutt for sosialfag

Det samfunnsvitskapelege fakultet

Universitetet i Stavanger

UNIVERSITETET I STAVANGER

MASTERSTUDIUM I SOSIALFAG

MASTEROPPGAVE

SEMESTER: Haust 2013-vår 2014
(vår/høst – årstall)

FORFATTER: Marita Sælevik

VEILEDER: Arvid Lone

TITTEL PÅ MASTEROPPGAVE:

Norsk tittel: Korleis opplever ungdommar å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta? Opplever dei å få seie sine meiningar og verte høyrt?

Engelsk tittel:

EMNEORD/STIKKORD: Relasjon, kommunikasjon, opplevingsfellesskapet, brukarmedverknad, barnet si stemme, symbolsk interaksjonisme

ANTALL SIDER: 88

ANTALL ORD: 30 005

STAVANGER 30.05/2014
Dato/år

Marita Sælevik
Kandidatens underskrift

Føreord

Det har vore ovleg interessant, spanande og ikkje minst lærerikt å få moglegheit til å skrive denne oppgåva. Det har vore ei utfordrande reise, samstundes som det også har vore utruleg kjekt. Å arbeide i to semester med same oppgave gjev moglegheit til verkeleg å få verte kjent med temaet ein har valgt, og eg er vorte så utruleg mykje meir reflektert over korleis eg sjølv opptrer som sosialarbeidar. Det har vore ei reise full av lærdom som eg gledar meg til å ta med ut i arbeid.

Eg vil rette ei stor takk til dei flotte, kjekke ungdomane som stilte opp og lot meg få lov til å intervju dei, ta del i deira historie og få moglegheit til å lære av dei unike historiane. Tusen takk, utan dykk hadde ikkje denne oppgåva vorte til. Vidare vil eg takke rettleiaren min Arvid Lone for flotte innspel, gode tips og god rettleiing. Å skrive master er til tider ein einsam prosess, der ein fort kan verte litt einspora, då er det godt med andre sine meiningar. Til sist vil eg seie takk til familie for gode ord, oppmuntring og til min sambuar som heile vegen har støtta og gjeve meg rom til at eg kunne vere litt i mi eiga, einspora verd med bøker og artiklar overalt.

Samandrag

Oppgåva er bygd opp med kvalitativ metode, der eg ar nytta djupneintervju med seks ungdomar frå ulike kommunar. Oppgåva har fokus på korleis ungdomar opplever å vere i barnevernstenesta, om dei føler dei vert høyrte og lytta til. Dette vert satt ljós over gjennom teori om mellom anna brukarmedverknad, juridiske rammer, symbolsk interaksjonisme, det intersubjektive fellelskapet, metaperspektiv, kommunikasjon, relasjon og samhandling. Vitskapsteori og metode er skildra i eige kapittel.

Problemstillinga er: *«Korleis opplever ungdomar å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta? Opplever dei å få seie si meining og verte høyrte?»*

Ved å intervju ungdomar har eg fått innblikk i deira situasjon, dei har delt sine personlege meiningar med meg, og eg har fått lære kva dei verdset i samhandling med sakshandsamar.

Eg har valt å spørje ungdomane om forholdet til sakshandsamar, korleis relasjonen er, om dei får seie si meining, tørr dei seie si meining og om det er noko dei tykkjer kunne vore gjort annleis i sakshandsaminga. Oppgåva har fokus på ungdomar, og er avgrensa til 14-19 år.

Det mest spanande ved funna er å få høyre om korleis ungdomane skildrar relasjon til sakshandsamar og om dei føler dei får vere aktiv i eiga sak. Her kan ein trekkje inn mellom anna makt, avmakt, kommunikasjon og anerkjening. Ungdomane svarar til tider ulikt på spørsmåla, men på nokre områder er det også samstemte svar. Dette gjer drøftinga særspanande å arbeide med.

Det kjem fram både positive og mindre kjekke forteljingar om sakshandsaminga, der ungdomane forklarar tydeleg og svarar på oppfylgjingsspørsmål eg kjem med.

Hensikta med oppgåva er å setje fokus på stemma til dei som mottek hjelp frå barnevernstenesta på kommunalt nivå, der eg har avgrensa det til å gjelde ungdom.

Innholdsliste

1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for val av problemstilling	7
1.3 Oppbygging av oppgåva	8
1.4 Studien sin relevans for sosialt arbeid	9
2. Teorikapittel.....	10
2.1 Dei juridiske rammene	10
2.1.1 FN sin konvensjon om born sine rettar	10
2.1.2 Lov om barnevernstenester	13
2.2 Tidlegare forskning	15
2.3 Symbolsk interaksjonisme	17
2.3.2 Dei fem hjørnesteinane	18
2.4 Brukarmedverkand- kva ligg egentleg i det omgrepet?	23
2.4.1 Forklaring av omgrep	23
2.4.2 Brukarmedverknad i den kommunale barnevernstenesta- korleis skal sakshandsamar verksetje dette?.....	25
2.5 Relasjon.....	25
2.5.1 Å møte heile mennesket	27
2.5.2 Relasjonskompetanse.....	28
2.5.3 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon	28
2.6 Kva vil det seie å nytte eit barneperspektiv?	31
2.7 Å samtale med born frå 12 år og oppover.....	32
2.8 Makt	34
2.9 Korleis skal sakshandsamar vere?	36
3. Metode	38
3.1 Vitskapsteori og hermeneutikk	38
3.4 Intervju som forskingsmetode	40
3.4.1 Fordelar med intervju som metode	41
3.4.2 Svake sider ved intervju som metode.....	41
3.5 Finne informantar- utfordring og lærdom.....	42
3.6 Lage disposisjon.....	43
3.7 Lage intervjuguide	44
3.8 Førebuing av intervju.....	45
3.8.1 Opptak eller notere undervegs?	46

3.9 Gjennomføring av intervju	46
3.10 Kategorisering av funn	48
3.11 Etisk refleksjon ved å intervju ungdom	49
3.12 Kvaliteten av studien	50
3.12.1 Intern gyldighet	51
3.12.2 Ekstern gyldighet	51
3.12.3 Reliabilitet	51
4. Presentasjon av funn	53
4.1 Kategori 1: Informasjon	53
4.2 Kategori 2: Relasjon	56
4.3 Kategori 3: Barnets stemme- om å få seie si meining og vere aktiv i eiga sak	58
4.4 Kategori 4: Makt	61
4.5 Kategori 5: Lojalitet til foreldra	62
5. Drøfting av funn	64
5.1 Kategori 1: Informasjon	64
5.2 Kategori 2: Relasjon	68
5.3 Kategori 3: Barnet si stemme- om å få seie si meining og vere aktiv i eiga sak	71
5.4 Kategori 4: makt	74
5.5 Kategori 5: Lojalitet til foreldra	76
5.6 Oppsummering	78
5.7 Ettetanke	79
6. Avslutning	80
Kjeldeliste:	82
Vedlegg 1: Samtykkjefråsegn	85
Vedlegg 2: Intervjuguide	86

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av problemstilling

Heilt sidan eg byrja på bachelor i barnevern i 2009 har eg vore oppteken av at born skal få vere aktive i eiga sak som klient i barnevernstenesta. Bacheloroppgåva mi bygde på kvalitativ metode, der eg intervjuar sakshandsamarar i ulike barnevernstenester om korleis dei opplevde å snakke med born i undersøkingsfasen. Var dei trygge på å ha barnesamtalar, ynskja dei meir kompetanse, kva kan verte betre?

Då eg skulle utforme problemstillinga til masteroppgåva visste eg at eg ynskja å intervju ungdomar i barnevernstenesta om korleis dei hadde det som klientar, og om dei syntest dei fekk seie si meining. Etter nokre rundar vart problemstillinga slik:

«Korleis opplever ungdomar å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta? Opplever dei å få seie sine meiningar og verte høyrte?»

Når eg vel omgrepet «oppleving» er eg ute etter å høyre deira unike historiar om korleis det er å vere klient i barnevernstenesta. Vidare er eg oppteken av om dei vert høyrte, om dei får seie sine meiningar, og eg har også fokus på om dei kjenner rettane sine.

Ei undersøking gjort i Bergen visar at i 112 saker snakka sakshandsamar berre med halvparten av borna mellom 7 og 14 år, og berre 14 prosent av borna under 14 år. (Havnen, Christiansen og Havik, 1998 i Hærem og Aadnesen, 2008).

1.2 Avklaring av omgrep:

Eg har avgrensa oppgåva mi til å handle om ungdomar, og eg har intervjuar ungdomar som er i alderen 14-19 år. Likevel kjem eg i oppgåva til å nytte omgrepa «born» og «ungdom» litt om kvarandre. Viss ein fylgjer barnevernslova er alle under 18 år born, her skiljer dei ikkje mellom små born og ungdom. Likevel, når eg presenterer funn og drøftar vel eg å bruke «ungdom», det vert mest naturleg.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva består av 7 kapittel. I kapittel 2 presenter eg ulike teoriar eg meiner har relevans for oppgåva, som eg knyt opp mot funn når eg skal drøfte. Desse ulike teoriane er:

- * Dei juridiske rammene
- * Tidlegare forskning
- * Symbolsk interaksjonisme
- * Brukarmedverknad
- * Relasjon
- * Barneperspektiv
- * Å samtale med ungdom
- * Makt

I kapittel 3 gjer eg greie for val av metode, set ljøs over sterke og svare sider ved kvalitativt design og visar ei gjennomgang av å jobbe med oppgåva.

I kapittel 4 presenterer eg funna mine. Her kjem eit utdrag av direkte sitat frå ungdomane, delt inn i 5 ulike kategoriar:

- Informasjon
- Relasjon
- Barnet si stemme
- Makt
- Lojalitet til foreldra

I kapittel 5 drøftar eg desse funna og kategoriane, ved å kytte dei opp til teorien eg har presentert i kapittel 2, samt kome med eigne vurderingar. Her sumerar eg også opp drøftinga.

I kapittel 6 har eg ei avslutning med oppsummering av oppgåva, samt ettertanke med refleksjon.

1.4 Studien sin relevans for sosialt arbeid

Som tidlegare forskning visar Havnen, Christiansen og Havik, 1998 i Hærem og Aadnesen, 2008), at born og ungdom ikkje vert nok involvert i eiga sak. Denne oppgåva har fokus på ungdomane sitt perspektiv, deira unike oppleving. Ved å høyre deira historie vil me få eit innblikk i korleis dei tenkjer og føler om temaet. Dette kan gje grunnlag for vidare utvikling og forbetring.

Som sosialarbeidar har e geit ynskje om at det skal vere meir fokus på born og unge si meining, at dei skal verte meir lytta til og at det i større grad skal dokumenterast at dei har vorte involvert i eiga sak.

2. Teorikapittel

I dette kapittelet skal eg stille fram ulike teoriar eg har vurdert som relevante og viktige knytt opp til problemstillinga. Eg vil nytte ein stor del på dei juridiske rammene, som mellom anna legg føret for korleis ein sakshandsamar i barnevernstenesta skal halda seg, med bakgrunn i kva born har rett til. Her vil eg fokusere på dei paragrafane som er relevante for oppgåva, mellom anna i barnevernlova og FN sin konvensjon om borns rettar. Eg ser det som høgst relevant å skrive om FN sin konvensjon om borns rettar og gå litt i djupna av dette for å vise ein heilskapande forståing av temaet og samanheng i forhold til problemstillinga som går på det å verte teke vare på. Vidare vil eg skrive om brukarperspektivet, barneperspektivet, relasjon, perspektiv og symbolsk interaksjonisme.

Eg har valgt i mi problemstilling å ha fokus på ungdomar i alder 14-19 år. Likevel kjem eg til å nytte omgrepet «barn» i denne delen, då det juridisk er snakk om born så lenge dei er under 18 år, jfr. Lov om barnevernstenester § 1-3.

2.1 Dei juridiske rammene

Det er tydeleg samanheng mellom FN sin barnekonvensjon og lov om barnevernstenester. Difor har eg valt å presentere dei her. Likevel har eg teke eit val om å presentere dei kvar for seg, for å få ei betre oversikt over presentasjonen.

2.1.1 FN sin konvensjon om born sine rettar

I 1991 ratifiserte Noreg barnekonvensjonen, og i 2003 vart den inkorporert i norsk rett gjennom menneskerettslova. (Høstmælingen, Kjørholt og Saga, 2011). Inkorporering av barnekonvensjonen i norsk lov inneber at reglane har større rettskildemessig vekt og at barnekonvensjonen har førerrett dersom det skulle oppstå konflikt mellom konvensjonen og norsk lovverk. Den har vore av avgjerande tyding for at me ser på born som sjølvstendige individ med egne rettar. Dette tyder at det må leggjast større vekt på born sine interesser og synspunkt i alle saker som gjeld dei. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009). Alle menneskerettar gjeld også for born, men barnekonvensjonen har gjort klart barnet si stilling som eige rettssubjekt og nedfelt egne rettar for born på områder der det er naudsynt. (Høstmælingen, et al., 2011). Konvensjonen gjev følgjeleg eit *globalt* menneskerettsvern, og må sjåast som ein *spesiell* menneskerettskonvensjon fordi den er avgrensa til ei bestemt gruppe; *born*. (Kjønstad og Kyse, 2008).

Det finst fire generelle prinsipp i barnekonvensjonen, og det spesielle ved desse er at dei vil få

tyding ved tolking av dei fleste andre artiklane. Desse fire generelle prinsippa er artikkel 2 om ikkje-diskriminering, artikkel 3 nr 1 om barnets beste, artikkel 6 om barnets rett til liv og utvikling og artikkel 12 om barnet sin rett til å verte høyr, som eg skal ha fokus på her.

Retten til å uttrykkje si meinig, artikkel 12 er som fylgjer:

- 1. Partene skal garantere et barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, retten til fritt å gi uttrykk for disse synspunkter i alle forhold som vedrører barnet, og tillegge barnets synspunkter berørig vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*
- 2. For dette formål skal barnet særlig gis anledning til å bli hørt i enhver rettslig og administrativ saksbehandling som angår barnet, enten direkte eller gjennom en representant eller et annet organ, på en måte som er i samsvar med saksbehandlingsreglene i nasjonal rett.*

(Høstmælingen, Kjørholt og Saga, 2011: 77)

Her vil eg leggje vekt på nr 1, som er særskilt aktuell for ungdomar som er klientar i den kommunale barnevernstenesta.

Born sin rett til å kome til ordet i saker som har tyding for dei, er heilt sentralt i anerkjenninga av born som sjølvstendige individ.

Retten til å uttale seg etter artikkel 12 er tradisjonelt å rekne som eit av dei fire generelle prinsippa i FN sin barnekonvensjon. Dette tyder at det skal verte integrert i gjennomføringa av alle dei andre rettane, samstundes som den er ein frittstående rett.

Høstmælingen et. al skriv at det å «å bli hørt» kan oppfattast som at barnet vert gjeve ei passiv rolle, og i juridiske framstillingar vert det ofte føretrekt meir aktive uttrykk slik som rett til å uttale seg eller rett til å kome til orde. Men, på den andre sida visar «bli hørt» samstundes at det er nokon som har ansvaret for å syte for dette, og at dei skal lytte til det barnet har å seie. Vidare skriv dei at i allminneleg bruk av språket kan uttrykket dessutan nyttast i tydinga av å få det som ein vil. So langt strekker ikkje den juridiske tydinga, men som det i artikkel 12 nr 1 står, skal synspunkta tilleggjast «berørig vekt».

Artikkel 12 har nær samanheng med artikkel 3, barnets beste, ettersom barnet sitt eige syn må verte teke i betraktning når det skal vurderast kva som er til barnet sitt beste. (Ibid).

Etter artikkel 12 nr 1 har born rett til å verte høyr i alle forhold som vedkjem dei. Det skal ikkje ha tyding om det skal verte teke ei formell slutning i saka. Born skal verte høyr om alt som i det heile teke vil ha noko verknad på dei eller deira situasjon. Barnet har likevel ikkje

plikt til å uttale seg. Det er ein *rett* som barnet kan nytte seg av, men det skal på ingen måte verte tvungen til å snakke når det ikkje vil. (Ibid).

Alderen til barnet og mognad skal verte vurdert når dei skal få uttrykkje si meining. Vilkår for at barnet si rett til å verte høyrte skal verte aktuell, er at barnet er i stand til å ha egne synspunkt. Dette vil vareiere ut frå kva spørsmål det er snakk om. Det skal garanterast at barnet fritt kan få uttrykke si meining. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

Til sist vil eg påpeike at denne retten i barnevernssaker gjeld *alle* born i Noreg, uavhengig av foreldrene sitt opphald, jfr. lov om barnevern § 1-2. (Lindboe, 2008).

Barnet sitt beste, artikkel 3 er som følger:

1. *Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.*
2. *Partene påtar seg å sikre barnet den beskyttelse og omsorg som er nødvendig for barnets trivsel, idet det tas hensyn til rettighetene og forpliktelsene til barnets foreldre, verger eller andre enkeltpersoner som har det juridiske ansvaret for ham eller henne, og skal treffe alle egnede, lovgivningsmessige og administrative tiltak for dette formål.*
3. *Partene skal sikre de institusjoner og tjenester som har ansvaret for barns omsorg eller beskyttelse, retter seg etter de standarder som er fastsatt av de kompetente myndigheter, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn.*

(Høstmælingen, Kjørholt og Saga, 2011: 46)

Barnet sitt beste er barnekonvensjonen sitt mest sentrale omgrep. Det er ingen andre internasjonale dokument som inneheld ein artikkel med slik breidde som vert uttrykt i barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. der det vert fastslått at omsynet til barnet sitt beste skal kome i fyrste rekkje og det skal vere eit grunnleggjande omsyn ved alle tiltak som gjeld born.

Det er eit overordna prinsipp for all offentleg innsats ovanfor born og unge. Alle born og unge skal ha likeverdige tilbod og gode utviklingsmoglegiter. Born og unge skal både bli sett og høyrte. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

Barnekonvensjonen byggjer på det grunnsynet at alle born har same ukrenkjelege menneskeverd slik som vaksne, og har dei same menneskerettane. Som Kjørholdt et al. skriv, kan det vere ei utfordring å finne ein god balanse mellom borna sine rettar og plikta for dei vaksne og samfunnet til å beskytte borna. Å ta borns rettar på alvor tilseier at både behovet for beskyttelse av barnet og anerkjenning av barnet sin rett til sjølvstende i forhold til utøving av rettar, medverknad og medbestemming må takast på alvor. Med bakgrunn i dette kan ein derfor seie at artikkel 12 og artikkel 3 heng nøye saman i utøvinga av god sakshandsaming i barnevernstenesta.

Kva meinest so med innhaldet i prinsippet?

Artikkel 3 angjev ikkje ein konkret deffinert rett. Innhaldet varierar avhengig av kva for ein kontekst ein oppheld seg innafor, og det vil variere frå tid til tid og frå kultur til kultur. Kva som er best for eit barn, er i bunn og grunn verdispørsmål av allmennmenneskeleg karakter. Likevel seier prinsippet noko om i kva retning tankane skal gå ved handling som vedkjem born. Eit grunnleggjande element må vere respekt for barnet si fulle menneskeverd og integritet. Ved bruken av prinsippet er sjøelve ideen at ein skal ta utgangspunkt i *det enkelte barn* sitt behov og føresetnandar. Det som er best for eit barn, er ikkje nødvendigvis best for eit anna barn i same situasjon. Barnet sitt beste er *relativt*. (Høstmælingen et al., 2011).

Inn under artikkel 3 vil eg også kort trekke fram *tidleg intervensjon*. Tidleg intervensjon tyder at tiltak vert sett i gang på eit tidleg tipspunkt fordi dette i stor grad gjev større moglegheiter for ei positiv endring og utvikling. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

2.1.2 Lov om barnevernstenester

Kjønstad og Kyse (2008) seier barnevernstenesta betraktast som det offentlege sitt supplement til foreldra sitt ansvar for borna. Barnevernstenesta vert regulert av barnevernlova (lov 17.juli 1992 nr. 100 om barnevernstenester).

§ 1-1 *Lovens formål.*

Formålet med denne loven er

- å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid,
- å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår

(Lov om barnevernstjenester, 17 juli. Nr. 100. 1992)

Barnevernstenesta si oppgåve er å sikre dei naudsynt hjelp og omsut til rett tid. Det andre strekpunktet gjeld born.

§ 1-2 *Hvem gjelder loven for.*

Tiltak som omhandlet i denne lov kan treffes overfor barn under 18 år.

Når barnet samtykker, kan tiltak som er iverksatt før barnet har fylt 18 år, opprettholdes, eller erstattes av andre tiltak som er omhandlet i denne lov inntil barnet har fylt 23 år. Jf. likevel §4-24 tredje ledd. Opphør av tiltak ved fylte 18 år og avslag på søknad om tiltak etter fylte 18 år skal regnes som enkeltvedtak og skal begrunnes ut fra hensynet til barnets beste, jf. § 4-1.

(Lov om barnevernstjenester, 17 juli. Nr. 100. 1992)

Det er ikkje eit krav om at barnet er norsk statsborgar. Heller er det heller ikkje eit krav at barnet er busatt i Noreg. Det er berre eit krav om at barnet oppheld seg i Noreg, ikkje noko om kor lenge det skal vare. (Lindboe, 2008).

§ 4-1 *Hensynet til barnets beste*

Ved anvendelse av bestemmelsene i dette kapittelet skal det legges avgjørende vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Herunder skal legges vekt på å gi barnet stabil og god voksenkontakt og kontinuitet i omsorgen.

(Lov om barnevernstjenester, 17 juli. Nr. 100. 1992)

Her ser ein at barnevernslova legg eksplisitt til grunn at barnet sitt beste skal vere utgangspunkt for dei avgjerdene som vert teke. Det er eit overordna prinsipp at det skal leggjast avgjernade vekt på kva som er barnet sitt beste i den gitte situasjonen.

Barnet sitt beste må også sjåast i samanheng med det mildaste inngrepsprinsipp, MIP og det biologiske prinsipp. MIP handlar om at ein alltid skal prøve mildast tiltak fyrst, for ikkje å skape stor påkjenning på barnet. Det biologoske prinsipp handlar om at ein skal prøve ut tiltak som gjer at barnet kan vere i familien fyrst, før ein eventuelt flyttar barnet ut av familien. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

Som ein ser her heng alle prinsippa i lag, og dei speglar kvarandre. Det er barnevernstenesta si oppgåve alltid å arbeide ut frå desse prinsippa, der barnet sitt beste står øvst.

Det er viktig å ta i betraktning at barnet sitt beste vil verte endra over tid medan barnet veks opp og utviklar seg. Korleis barnet sitt beste skal operasjoniserast og leggjast til grunn for slutningar, er med andre ord eit vanskeleg spørjemål som krev godt fagleg skjønn. Reglane for sakshandsaming blir av stor tyding nettopp fordi prinsippet kan vere så vanskeleg å anvende i praksis. Derfor er barnet sitt beste i Noreg nært knytt opp til det å hente inn barnet sine eigne synspunkt, og dette vert også sett på som eit ledd i å sikre barnet sitt rettsvern og ta vare på barnet sitt beste. (Bunkholdt og Sandbæk, 2008).

Som ein også ser, er det nær samanheng mellom artikkel 12 og barnet si rett til å uttale seg i lov om barnevernstjenester:

§ 6-3 Barns rettigheter under saksbehandlingen

Et barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkter, skal informeres og gis anledning til å uttale seg før det tas avgjørelse i sak som berører ham eller henne. Barnets mening skal tillegges vekt i samsvar med barnets alder og modenhet.

Et barn kan opptre som part i sak og gjøre partsrettigheter gjeldende dersom det har fylt 15 år og forstår hva saken gjelder. Fylkesnemnda kan innvilge et barn under 15 år partsrettigheter i særskilte tilfeller. I sak som gjelder tiltak for barn med atferdsvansker, skal barnet alltid regnes som part.

(Lov om barnevernstjenester, 17 juli. Nr. 100. 1992)

2.2 Tidlegare forskning

Kva seier tidlegare forskning om ungdomar i barnevernstjenesta og om deira medverknad og moglegheit til å verte høyrte? Under dette temaet ynskjer eg å trekkje fram tidlegare forskning på området. Det har vore gjort mykje forskning på området, så eg har måtta teke valg og trekt fram dei eg meiner er mest relevante for oppgåva mi.

Seim og Slettebø (2007) har forska på brukarmedverknad i barnevernstjenesta. Her kjem det fram at brukarmedverknad er eit framandord for born og unge i barnevernstjenesta. Dei har intervjuet 10 ungdomar for å få fram deira synspunkt, og det er jamnt over ei misnøye blant

ungdomane dei har snakka med, der dei saknar å verte meir inkludert i eiga sak. Dei fleste ungdomane hadde hatt bistand i 4-5 år. Berre to var i hovudsak nøgd med hjelpa dei fekk.

Det som vert trekt fram i den boka er mellom anna at ungdomane hadde følt seg makteslause når dei trengte hjelp, opplevde at dei ikkje vart høyrte eller at dei ikkje vart trudd og sakshandsamar vart opplevd som ein fjern person. Nokon meinte også at det tok for lang tid før dei fekk hjelp, og at avgjerder vart teke over hovudet på dei. Fleire av ungdomane visste heller ikkje kva brukarmedverknad var. Få av dei visste kva rettar eller moglegheit dei hadde.

Thrana (2008) skriv også om born og unge si medverknad i barnevernstenesta. Ho skriv at ungdomane seier det beste er å få vere med på å bestemme i samarbeid og i dialog med dei vaksne. Ungdomane ynskja ikkje å bestemme *heilt* sjølv, for det vert ofte for mykje ansvar. Men dei ynskjer å *vere med* på å bestemme. Ein ungdom uttrykkjer det slik:

«I mine øyne skal jeg bestemme alt, men det blir ikke alltid bra. Barnevernet gjør mange ganger en god jobb og vet best, da må de bestemme».

(Thrana, 2008: 128).

Thrana (2008) skriv vidare at det ungdomane ynskjer å få vere med på å bestemme er spesielt samvær med foreldra, val av vener og kva dei gjer på fritida. Ei jente fortel ho at skulle ynskje barnevernstenesta var litt meir diskre når dei tok kontakt. Det er enklete plassar som ungdomen vil ha i fred, der dei ikkje ynskjer innblanding i eller er redd det skal bli «avslørt» at dei er innanfor barnevernstenesta.

Gulbrandsen, Seim og Ulvik (2012) fortel i Sosiologi i dag, årgang 42 skriv at mange av utgreiingane i barnevernstenesta ofte berre er basert på samtalar med foreldra og informasjon frå andre instansar som skulane m.m. Dei skriv dette vert støtta av andre kvalitative studiar der born og unge er vorte intervjuet om sine erfaringar. Dei får i lita grad moglegheit til å uttale seg om korleis dei opplev sin eigen situasjon eller vere med på å diskutere kva som skal skje med dei. Her vert det referert til Kock og Kock 1995, Cederborg og Karlsson 2001, Sandbæk 2001 og Seim og Slettebø 2007.

Vidare skriv dei at barnet frameleis er ein person det handlar *om*, og ikkje ein det *vert samhandla med*.

Basert på ulike tilsynsrapportar frå 44 norkse kommunar, vert det oppsummert manglar ved born si medverknad som eit gjennomgåande trekk i rapportane. (Gulbrandsen, Seim og Ulvik, 2012).

Ord som «spretball» og «dukke» var ord som kom fram då ungdomane skulle skildre flytting. «Pakkepost» var også eit uttrykk, og gjev inntrykk av at ungdomane ikkje visste kva som skulle skje med dei, og dei følte dei mangla føreseielegheit. Dei var ikkje deltakande og fekk lite informasjon.

Amundesn (2012) har gjennomført ei undersøking om ungdom på institusjon som eg kort ynskjer å nemne. Ho finn at ungdomane her opplev sine sakshandsamarar som meir opptekne av det juridiske enn å ta vare på dei unge sine interesser. Vidare opplev dei at sakshandsamarar ikkje er oppteken av korleis dei har det. Studien visar også at det er nær samanheng mellom trivsel og meistring, og at dette kjem av høg grad av brukarmedverknad.

Janne Berge har i 2012 laga ein dokumentarfilm «Hør på meg!» som skildrar tre ungdomar sine traumatiske opplevingar når dei vert henta av barenvernstenesta og politi for å verte plassert i fosterheim og institusjon.

Alle ungdomane eg har intervjuar har vore innafør frivillig hjelpetiltak, likevel passar det å nemne denne filmen, meiner eg. Den tek opp nettopp temaet om å la ungdomane få vere med på avgjerder, la dei få uttrykkje sine meiningar og gje dei informasjon om kva som skal skje, ikkje berre la det skje. Janne Berge (worldpress.com) skriv at det handlar mykje om etikk, og ho ynskjer å rette fokuset på borna sine viktige stemmer.

I 2009 la *barnevernsproffene* fram ein rapport som visar at barnevernstenesta har langt igjen før dei fyller Barnekonvensjonen. Det er framleis ei vid oppfatning at born treng å verte skjerma frp informasjon og beskytta frå for mykje deltaking.

Det finnes meir forskning på dette området, men dette er det eg har valgt å trekke fram, og ha med i mi oppgåve om korleis ungdom opplev å verte teke vare på av den kommunale barnevernsteneta. I kapittelet om analyse og diskusjon kjem eg til å trekke fram noko av dette der eg finner det relevant ut frå det mine intervju har gitt av informasjon.

2.3 Symbolsk interaksjonisme

I denne delen av teorikapittelet har eg valgt å nytte meg av Levin og Trost (2005), då eg tykkjer omgrepet er godt skildra i deira bok. Her vil eg trekkje fram ulike måtar å forstå menneske og samhandling på. Eg vil også skildre dei ulike hjørnesteinane.

Symbolisk interaksjonisme (også kalla teori om spegling) er ein sosiologisk teori innafor mikrointeraksjonismen. Føremålet med teorien er å forklare samhandling, med vekt på kva forståing og eller meining informanten har med det som vert formidla. Aktøren står i sentrum som både fri og kreativ. Det er ein måte å forstå på, eit perspektiv, eit utgangspunkt for ein analyse av den sosiale røynda. Perspektivet er eit godt reiskap for å studere gruppeliv og menneskeleg åtferd, mennesket og gruppa som deler av samfunnet. Det er viktig å presisere at det finnes fleire variantar av termen, og termen er ikkje «den symbolske interaksjonismen». Det var Herbert Blumer som fyrst nytta termen. (Levin og Trost, 2005).

2.3.1 Interaksjon

Kva er so interaksjon? Kva er det som skjer når me interaksjonerer? Sosial interaksjon, ofte berre kalla interaksjon er av sentral tyding innanfor symbolisk interaksjonisme. Ein kan seie at samfunnet består av menneske som interagerer med kvarandre. Me interagerer også med oss sjølve ved å snakke med oss sjølv; gjennom å tenke. Dette kan vere bevisst eller ubevisst. Levin og Trost (2005) skriv det er nesten banalt, men ikkje desto mindre viktig.

2.3.2 Dei fem hjørnesteinane

Levin og Trost (2005) skriv om dei fem hjørnesteinane dei oppfattar som viktigast, og dei ynskjer eg å presentere her.

1) Definisjon av situasjonen:

«If men define situations as real, they are real in their consequences».

(Levin og Trost, 2005: 12).

Viss menneske definerer eller oppfattar situasjonen som verkeleg, er den også verkeleg i sine konsekvensar. Det inneber at det som eit menneske oppfattar, ikkje berre er hans/hennar verkelegheit, men at det også vert av tyding for denne personen si åtferd. Levin og Trost (2005) skriv at dette kan høyrast enkelt ut (nærast banalt), men er ikkje desto av mindre tyding når ein ser på dei konsekvensane det får for perspektivet. William James kom med ein tidlegare definisjon av situasjonen utan at nytta akkurat den same termen. Han skreiv at det me seier om vår verkelegheit, heng saman med det perspektivet som me legg på situasjonen. Hendinga i seg sjølv er ein ting, men tydinga den får eller meininga er avhengig av kva perspektiv me har, og det igjen er avhengig av oss sjølve.

På den eine sida er det her snakk om korleis kvar enkelt av oss i eit gitt tilfelle definerer situasjonen, og at denne definisjonen då vert bestemmande for vår åtferd.

På ei anna side er det her snakk om pågåande prosessar, det tyder at me omdefinierer situasjonen heile tida. Gjennom desse omdefinisjonene får me moglegheit til å endre oppfatning og då også åtferd.

Situasjonen vert ikkje til berre av dei personane som ein interagerer med, men av den kontekst eller samanheng heile situasjonen ein er i. Det er viktig å få fram at også humøret vårt og vår helsetilstand også er ein del av denne situasjonen.

Symbolisk interaksjonisme er pragmatisk. Visse sider av vår situasjon er me alle einige om, og dei får eit slags objektivt preg. Mead er heilt klar på dette punktet: Situasjonen saman med våre symbol, som er bygd opp gjennom interaksjonen, gjev ei form for objektivitet til den sosiale røynda.

Heile vår sosiale og fysiske røynd er subjektiv, og den vert opplevd ved at me, som sosiale vesen, har lært oss felles namn på ulike ting og er (relativt) einige om tidinga av det. Til dømes er det på den eine sida kollektiv einigheit om kva termen familie tyder. På den andre sida får ein veldig ulike svar om ein spør ei gruppe med menneske om kven deira familie er. Nokon vil berre nemne dei som dei deler hus med, andre vil inkludere besteforeldre, andre igjen vil nemne tanter og onklar. Termen familie vert altso forståeleg for oss alle i mange samanhenger, men likevel har den ei individuell spesiell tyding. Termen familie er den same, men innhaldet i den, omgrep, vil variere i forhold til person, tid og stad.

Mange har ulike oppfatningar av kva barnevernstenesta er. Termen vil variere ut frå kven som definerar det. Mest truleg vil sakshandsamar og ungdom ha ulike syn på barnevernstenesta.

Det finst berre ulike måtar å skildre kva me oppfattar på, og det gjer at ulike skildringar gjev forskjellige former for verkelegheit.

2) Sosial interaksjon

Ein kan seie at sosial interaksjon, ofte forenkla og forkorta til berre interaksjon, utan tvil er av sentral tyding innanfor symbolisk interaksjonisme. Interagere er å samtale. Ikkje berre ved å samtale med munnen, men også gjennom kroppens andre bevegelsar, slik som til dømes minespel og bevegelsar med hendene. Ein kommuniserar alltid med kroppsspråk, enten bevisst eller ubevisst.

Samfunnet består av menneske som interagerer med kvarandre. Menneske er gruppevesen, som mellom anna inneber at menneska interagerer med kvarandre. Men ikkje berre med kvarandre- menneske interagerer også med seg sjølv, det vil seie gjennom å tenke, bevisst

eller ubevisst. Når me tenker, så snakkar me med oss sjølv. Det tyder i neste omgang at utan språk, så kan me ikkje tenke. Jo meir nyansert vårt aktive språk er, desto lettare har me for å tenke.

Blumer påpeikar at me i altfor mange samanhengar tek den sosiale interaksjonen for gitt. Han seier at gjennom sosial interaksjon kan ein forstå samvær og prosessar. Dessutan bidrar den sosiale interaksjonen til å skape mennesket til det som det vert gjennom ein stadig endringsprosess. (Levin og Trost, 2005).

Stone kritiserar Mead for å leggje for mykje vekt på det talande språket. Sjølv legg han vekt på den ikkje-språklege interaksjonen. Framtreden er også viktig informasjon. Det er avvik frå det normale som vert lagt merke til. Cooley seier som fylgjer: «We notice nothing except through contrast». (Levin og Trost, 2005: 96).

3) Symbol

Eit symbol er eit teikn som for alle rørte i samanhengen har ei gitt tyding- alle meiner omtrent det same med teiknet, som har ei slags kollektiv meining.

Ord er dei vanlegaste og mest sjølvsgatte symbola me nyttar og stiller oss til. Gjennom heile barndommen har me lært oss det språket me snakkar. Etter kvart som tida går, vert orda ikkje berre lyd, men også lyd med meining. På denne måten vert dei då symbol. Men det er ikkje tilstrekkeleg at dei berre har meining for oss sjølve. Dei må også ha same meining for andre og vår næraste omgjevnad. Fyrst då kan ein seie at dei vert symbol, det vil seie at når me meiner det same med orda, så er dei vorte symbol. Som tidlegare nemnt er termen barnevernsteneste noko dei fleste veit kva er. I dei fleste samanhengar er dette eit symbol for oss alle. Men det tyder ikkje at me (som nemnt) i alle situasjonar meiner det same med termen likevel.

Så: tydinga av eit ord er avhengig av definisjon av situasjonen; utan definisjon av situasjonen er ordet eller termen ikkje noko symbol.

Alle symbol er meiningsfulle, ellers er dei ikkje symbol. Mead seier også at symbola ikkje berre er meiningsfulle, men også av signifikant tyding. Her meiner det at så vel sendaren som mottakar, det vil seie så vel den som snakkar eller rører på seg, som den som ser eller høyrer det, skal meine omtrent det same, og det heile skal vere tilsikta, og ikkje at «det berre vert slik».

Innafor symbolsk interaksjonisme er symbola både meiningsfulle og signifikante, ellers er dei ikkje noko symbol i det heile. Tydinga eller meininga i ordet symbol kan på det praktiske plan likevel opplevast som noko uklar. I kommunikasjonen vår med andre mennesker er ord, rørsle, klede m.m ingen meiningsfull eller signifikant symbol viss dei andre ikkje meiner stort sett det same som me.

For at me skal kunne kommunisere med kvarandre på ein rimeleg forståeleg måte, må symbola me nyttar, ha same meining, brukar ein å seie. Men, på den andre sida; meininga kan ikkje vere den same for to i samhandling. Den meininga symbola har for meg, kan aldri vere den same som den symbola har for deg, me reagerer ikkje på same måte. Heller har ikkje symbola same meining for meg i morgon som dei har i dag.

I fylgje Blumer byggjer symbolsk interaksjonisme på tre enkle premissar. Det fyrste er at *menneske handlar eller agerer i forhold til objekter ut ifrå den meininga desse objekta har for dei*. Det andre premisset er at *eit objekt si meining kjem frå eller oppstår i den sosiale interaksjonen individet har med andre menneske i sin omgjevnad*. Den meininga eit objekt eller eit symbol har for andre menneske, kjem fram i det sosiale miljøet, i den sosiale samanhengen individet oppheld seg i og har vore i. Utan sosial interaksjon har objektet ingen meining.

Det tredje og siste premisset er at *meininga vert nytta og modifisert gjennom tolkingsprosess som individet er i når han eller ho nyttar meininga*. Her vert meininga tolka gjennom individet sin interaksjon med seg sjølv, gjennom dets eiga måte å tenke på, og tolkinga kjem difor til å innehalde en måte å handtere objektet si meining på.

4) Vekting av aktivitet

Me handlar eller oppfører oss heile tida, me er aktive. Innafor symbolsk interaksjonisme som perspektiv ligg fokus på vår åtferd som sosiale vesen. Å vere aktiv handlar om å vere med i ein prosess. Det er ingenting som er statisk, og me har alle evne til å verte endra.

Symbolsk interaksjonisme føreset endring. Mange retningar innafor skule ser på oss menneske som om me hadde eit sett av eigenskapar som er stabile. Til dømes: Per er nevrotikar. Kristoffer er dominant. Ingrid er intelligent. Skilnaden på denne måten å definere nokon på i forhold til korleis symbolsk interaksjonisme gjer det er at innafor symbolsk interaksjonisme ville ein heller sagt: Per oppfører seg nevrotisk i denne situasjonen. Kristoffer oppfører seg dominant i denne situasjonen og Ingrid oppfører seg intelligent i denne situasjonen.

Nevrotisk, dominant, intelligent og så vidare vert nytta i vanleg språkbruk og innan mange vitenskaplege skular i substantivform. Med symbolsk interaksjonisme skulle ein heller omforme substantivet til verb: nevrotisere, dominere, intelligense og så vidare. Mennesker er ikkje, mennesket gjer!

Når ein seier at menneske er på ein bestemt måte, antyder ein, bevisst eller ubevisst, at det er spørjemål om noko stabilt som kanskje kan endrast, kanskje ikkje.

Ein konsekvens av at me er aktive, og at me definerer situasjonar på ulike måtar, er at me menneske er ovande vanskelege å føreseie. For å kunne forstå våre handlingar må me forstå korleis me definerer situasjonen, korleis me oppfattar symbola, og det er jo ikkje alltid så lett. Moglegvis etterpå. Å forstå ande, handlar om å setje seg inn i deira situasjon. Då empatierer me.

Med ein lineær måte å tenke på kjem me ingen veg, det krever ein sirkulær systemtenking. Det er viktig å streke under tydinga av å sjå på menneske sine aktivitetar, kva dei gjer og seier, og kva dei ikkje gjer og ikkje seier. Viss me har ynskje om å vite noko om deira haldningar, kjensler eller erfaringar, bør me då studere deira åtferd, deira aktivitetar. Det gjeld spesielt dei aktivitetane som er sosiale i den tydinga at dei er retta til eller mot andre menneske. (Ibid).

5) Her og no

Me er i dette augneblunken, her og no, og me definerer situasjonen ut frå her og no; me interagerer med våre symbol her og no. Det faktum at me er aktive, antyder prosessar og vert endo klarare med betoninga av her og no. Det som er her og no akkurat i dette augneblunken når eg skriv dette, er allereie over når eg skriv dette. Ein kan ikkje gå tilbake til eit no som er over, som ikkje lenger finst, som berre fanst, og som berre har funnest eit kort augneblunk.

Dette synet på tydinga av her og no fører med seg at det vert openbert at me alle oppheld oss i ein stadig prosess, stadig i endring. Det vert klårt at ein ikkje kan sjå på noko som gjeve anna enn for augneblunken. Det vert også vanskeleg å sjå mennesket sine eigenskapar som om dei ikkje kan endrast. Ein del av prosessane går sopass langsamt at me kan verte lurt til å trur at det finst stabilitet.

Symbolsk interaksjonisme går ut ifrå at mennesket aldri gløymer noko. Innan symbolsk interaksjonisme er det viktig ikkje berre at hukommelsen beheld erfaringane, men også at det som er gløymt finst integrert i nyare røynsler og vurderingar. Det er på ingen måte snakk om

at det som er gløymt er fortrent og passivt påverkar oss- det er integrert og er soleis med i den pågåande modifikasjonsprosessen me menneske deltek i.

I denne integrerte meininga er åtferda til menneske eit produkt at heile mennesket si historie, ikkje berre i barndomen, men også alle opplevingar og erfaringar så vel på det sosiale plan som på det individuelle. Gløymde hendingar eller objekt held fram med å innvirke på vår åtferd, sidan dei er inkorporert i tydinga av andre hendingar eller objekt. Det gløymde vert teke fram når det vert relevant i personens verd av førestilling, uansett om det er snakk om positive eller negative hendingar.

Me nyttar oss av det me har erfart då me var born, og me nyttar det i nået. Til dømes lærte me oss å snakke og å skrive då me var born, og det nyttar me oss av enda.

Men me har heile tida i løpet av alle desse åra fortsatt med å lære oss å snakke og å skrive, prosessen held fram.

Fokuseringa på her og no inneber dessutan at korleis me oppfører oss no, ikkje berre er avhengig av korleis me vart oppdradd som born. Derimot nyttar me oss av kva me har erfart som born, og me gjer det i nået. Me kan nytte oss av fortia for å kunne forstå vår noverande situasjon. (Ibid). Dette kan også sjåast i samanheng med for-forståing, som eg kjem inn på seinare.

Dette (dei fem hjørnesteinane) er det eg ynskja å ta med i denne oppgåva frå symbolsk interaksjonisme. Dette kjem eg til å nytte i drøftinga.

No vil eg vidare presentere dei teoriane eg meiner er relevante for brukarmedverknad og korleis ein sakshandsamar skal ta vare på klient.

2.4 Brukarmedverknad- kva ligg egentleg i det omgrepet?

Ein kan seie at heile denne oppgåva handlar om brukarmedverknad. Ein kjem ikkje utanom brukarmedverknad når ein arbeidar for å betre andre sin livssituasjon i offentleg sektor. Eg ynskjer å nytte litt tid og gå i djupna, på mikronivå av dette omgrepet, då det er så sentralt og av stor tyding for denne oppgåva.

2.4.1 Forklaring av omgrep

Brukarmedverknad er eit omgrep som vektar ideal og verdiar som det er enkelt å slutte seg til og å vere samd i. Samstundes vert handlingar som det er vanskeleg å gjennomføre i praksis

spiegla av. Jenssen og Tronvoll (2012) skriv at omgrepet på individnivå er knytt til trua på menneske sine ressursar og evne til meistring og innverknad over sitt eige liv.

Brukarmedverknad vert derfor snakka om som noko positivt, men inkluderer også ei forventning om auka medvit om eige ansvar for handling og val. Thrana (2008) skriv at omgrepet er knytt til deltaking, innverknad og medbestemming.

Ein kan seie at ein kan dele omgrepet brukarvedverknad inn i 3; brukar -med- verknad. Det er altså ein brukar av eit system som er med på å påverke litt eige liv og ta del i stulningar som omhadlar seg sjølv. Brukaren har reell innflytelse, og brukarmedverknaden skal vere i brukaren si interesse. Dette er også same oppfattelsen Seim og Slettebø (2007) har. Dei skriv at brukaren deltek og har innverknad i alle fasane av samhandlinga.

Omgrepet kan knytast til likeverd og anerkjening. Å anerkjenne menneske er å kunne sjå kva som er av tyding for den enkelte, og er med det då ein føresetnad for brukarmedverknad. Tydinga av å få auka sjølvtrillit ved å delta på tiltak ligg til grunn for dette. Auka sjølvtrillit bidleg til at folk tør seie si meining og hevde si rett. (Jenssen og Tronvoll, 2012).

Teoretisk sett har omgrepet vore knytt til empowerment, som ein kan oversetje til myndiggjering og vert sett i samanheng med fordeling og makt. Empowerment sett på som ein prosess tek utgangspunkt i at nokon er «dis-empowered». Vidare skal dei då få moglegheit til myndiggjering og vere aktive.

Når ein skriv om brukarmedverknad, ynskjer eg også kort å skildre omgrepet «brukar». Brukar kan definerast som ein som nyttar eit offentleg tjenestetilbod. Dette omgrepet kom inn i norske offentlege dokument på slutten av 1970-talet. Det skulle erstatte klientomgrepet for å skape avstand til det stigma som var knytt til dette, og kome vekk frå rolla som passiv mottakar. Det var ynskja å nytte eit meir positiv lada omgrep. (Jenssen og Tronvoll, 2012).

På den andre sida, er brukaromgrepet vorte disutert og kritisert. Det vert argumentert for at det er lite konkret samlenemning som få kjenner seg heime i. Likevel er omgrepet for tida rådande i den norske diskursen om medverknad mellom individet og velferdstaten sine tenester, og det er difor det omgrepet eg kjem til å nytte i denne oppgåva.

2.4.2 Brukarmedverknad i den kommunale barnevernstenesta- korleis skal sakshandsamar verksetje dette?

Seim og Slettebø (2007) skriv at brukarmedverknad i barnevernet vert forstått som at ungdomane er deltakande, og at deltakinga skal ha ein verknad, det vil seie at dei som er brukarar av barnevernstenesta får innverknad.

Tidlegare forskning (Seim og Slettebø 2007, Oppedal, 1997, Holland 2001) visar at det er sviikt når det gjeld inkludering av klient. Kvifor er det slik? Seim og slettebø (2007) skriv at å la vere å snakke med borna vert opplevd som ein måte å skåne dei på; å unngå at dei får for mykje ansvar for sin situasjon og at dei kjem i ei lojalitetskonflikt med foreldra, eller at dei på denne måten slepp å halde seg til mange vaksne, ukjente.

Vidare skriv dei at det mellom anna handlar om «å hoppe i det». For å få til god relasjon og brukarmedverknad kan det vere lurt å møtast i andre fysiske omgjevnadar enn sjølve kontoret til barnevernstenesta. Øvreeide (2009) skriv at førebuing er av særstor tyding.

Sakshandsamar skal vere godt førebudd til møte, og la ungdomen få snakke opent om det han/ho ynskjer å snakke om.

Det å motta informasjon er den lågaste graden av medverknad. Sakshandsamar vil verte påverka både direkte og indirekte av den responsen som mottakar (ungdomen) gjev, og kan så ta dette med vidare i slutningsprosessen. I dette ligg føreseielegheit, som vidare skapar tryggleik for ungdomen. Å vite gjev ei oppleving av samanheng. (Thrana, 2008).

Også symbolsk interaksjonisme som eg tidlegare har skrive om, og relasjon og det at sakshandsamar forstår den andre (metaperspektiv) som eg skal kome inn på seinere, handlar også om brukarmedverknad, og om korleis sakshandsamar best mogleg kan gje ein god oppleving for ungdomen som er i barnevernstenesta.

2.5 Relasjon

Å vere saksandsamar i barnevernstenesta handlar mellom anna om å forbetre og gje ein trygg og stabil kvardag til klientane. Det er heilt sentralt og av tyding for vidare samarbeid at ein opprettar og arbeidar for å få ein god relasjon, det både til foreldra og ungdomane.

Fagleg kompetanse er i vid forstand ein fagperson si evne til å forstå og stille seg til dei krav som ein kjem over i yrkessamheng. Som fagfolk kjem me overfor ein del andre utfordringar

og moglegheiter om kommunikasjon enn dei me ellers møter på i dagleglivet. For å kunne ta vare på desse sidene ved yrkesutøving treng me *relasjonskompetanse*. Relasjonskompetanse handlar om å forstå og å samhandle med dei menneska me møter på i yrkessamanheng på ein god og hensiktsmessig måte. Ein relasjonskompetent fagperson kommuniserer på ein måte som gjev meinig, som tek vare på den overordna hensikta med samhandlinga, og som ikkje krenker den andre parten. (Røkenes og Hanssen, 2002).

Fapersonen må for det fyrste vere i stand til å skape kontakt; å *etablere ein relasjon* til klienten. For det andre må fagpersonen vere i stand til å stå i relasjonen over tid; å *vedlikehalde relasjonen*. Den tredje relasjonelle utfordringen handlar om å kunne *avslutte profesjonelle relasjonar* på ein god måte. Andre sider som også er viktige ved relasjonskompetansen er forståing for situasjonen, kulturell sensitivitet, innsikt i seg sjølv og ein empatisk haldning hos fagpersonen.

Handlingskompetanse er også viktig. Folk som arbeidar med menneske må kunne *handle* og *samhandle*.

Handlingskompetanse er kunnskap og ferdigheiter som set deg i stand til å gjere noko med den andre eller for den andre. Her har eg valgt å vise ein modell som illustrasjon:



Figur 1: Yrkeskompetanse består av både handlingskompetanse og relasjonskompetanse. (Røkenes og Hanssen, 2009: 9).

Hos ein dyktig fagperson er handlingskompetansen og relasjonskompetansen fletta saman i ein heilheit. Handlingskompetansen og relasjonskompetansen utgjer til saman yrkeskompetansen.

2.5.1 Å møte heile mennesket

Som yrkesutøvar må du stille deg til den andre som subjekt og medmenneske, til den andre sin oppleving, kjensker, ynskjer og vilje. Å møte heile mennesket handlar om at du ikkje berre møter den andre som eit objekt, ein fysisk ting. Objekt er noko me handterer, subjekt kommuniserer og samhandlar me med.

Ein dyktig fagperson møter heile mennesket. Gode fagfolk kan samhandle med andre menneske på ein måte som bidreg til å skape tryggleik, tillit, openheit, respekt og anerkjening, og som fremjar sjølvstende og medverknad. Det er viktig å halde seg slik at andre opplev av dei vert lytta til, informert og trekt med som aktive og ansvarlige.

Samstundes kan også ein dyktig fagperson vere handlekraftig når det er behov for det.


I arbeid med menneske er både forklaring og forståelse naudsynt for å ta vare på.

Fagpersonen blir ein del av det den hermeneutiske sirkel. For å forstå den andre personen må me ha innblikk i korleis den andre opplev verda, kva *meningskontekst* den andre si åtferd eller utsagn høyrer til i. Det kan vere vanskeleg å forstå andre menneske, fordi me ikkje opplev verda på same måte.

Den som forstår, forstår alltid ut frå *noko*. Me forstår andre på bakgrunn av våre einge erfaringar, kjensler og tankar, til dømes på bakgrunn av den kulturen me er ein del av. Dette vert kalla for-forståing. Det vil seie den forståinga me tek med oss til møtet med andre menneske. I kommunikasjon med ein anna person får me ta del i den andre si forståing. Gjennom dette endrar me også vår eigen forståing. Me endrar oss, slik eg skildra om symbolsk interaksjonisme.

«Du ser aldri en annen person slik hun er, men slik du opplever at hun er, på bakgrunn av din egen for-forståelse». (Røkenes og Hanssen, 2002; 12).

2.5.2 Relasjonskompetanse



Figur 2: Relasjonspyramiden (Røkenes og Hanssen, 2009: 22).

Ein relasjon kjem ikkje av seg sjølv, den er eit resultat av samhandling mellom klient og fagperson. Ein god relasjon kjem av samhandlingsprosess som skapar tillit, tryggleik og ei oppleving av truverd og tilknytning. Når samhandlingen fungerer slik, vert den bærande relasjonen utvikla.

I ein trygg relasjon er det lettare å forstå kvarandre. Og når du forstår, kan du også handle på ein meir fruktbar måte overfor den andre. Når fagpersonen visar at ho prøver å forstå den andre, vil handlingen igjen virke positivt inn på relasjonen.

Det å ha relasjonskompetanse handlar mellom anna om at du kan vere deg sjølv i rolla som yrkerutøvar- være ekte og direkte- samstundes som du har eit bevisst forhold til korleis dine egne personlege særtrekk påverkar samhandlingen.

Det er viktig å hugse på at dialogen er ikkje fyrst og fremst eit middel for å oppnå noko med den andre, men eit mål i seg sjølv, retta mot å avdekke meningssamanheng og å forstå den andre.

2.5.3 Fire-perspektivmodellen for kommunikasjon

I møtet mellom menneske kan me tenke oss fire grunnleggjande perspektiv eller posisjonar som situasjonen kan opplevast frå:

- 1) eigenperspektivet (mi verd)
- 2) andreperspektivet (di verd)
- 3) det intersubjektive opplevingsfellesskapet (vår verd)

4) samhandlingsperspektivet (metaperspektivet, dvs. vårt perspektiv på samhandlingen mellom oss)

Desse perspektiva er grunnleggjande i all kommunikasjon og samhandling. Men det som skjer i ein samhandlingsprosess, er også svært avhengig av kva samanheng eller kontekst samhandlinga skjer i. I ein kommunikasjonssituasjon må alle deltakarane halde seg til fysiske ting og hendingar, til den sosiale situasjonen og til meningskonteksten. Den fysiske og sosiale omverda utgjer *konteksten*, den ytre ramma for kommunikasjonsprosessen. Omverda vert opplevd forskjellig av forskjellige personar. Som menneske forstår eg verda ut frå mi eiga, subjektive verkelegheitsforståing, mitt *eigeperspektiv*. Eg må også halde meg til den andre sin oppleving av verda, *andreperspektivet*. I samhandling med andre skaper me dessutan eit opplevingsfellesskap, eit intersubjektivt samhandlingsrom. Dette vert eit felles perspektiv, *vår* verd. Me kan også innta eit metaperspektiv, eit *samhandlingsperspektiv* som gjer det mogleg å forstå kva som skjer i samhandlinga og å kommunisere om kommunikasjonen mellom oss. Døme på dette kan vere at sakshandsamar spør ungdomen i etterkant av møtet om dei har forstått det same, kvalitetssikre.

Viktig å hugse på at modellen ikkje er «sanninga», men ein metafor, eit bilete på korleis mellommenneskeleg kommunikasjon kan gå føre seg.

På den andre sida, vil eg (sjølv om eg er tilhengjar av denne modellen) også nemne at den på ingen måte er perfekt. Den representerer ei forenkling av noko som er veldig komplekst. Kommunikasjon er veldig komplekst og kan vere utfordrande. Ved å slavisk fylgje ein slik modell og «putte» samtalen inni ein slik modell, står me i fare for å miste nokre av nyansene i ein samtale eller kommunikasjonsprosess.

No vil eg forklare litt om dei ulike perspektiva, som eg ser på som svært viktig å tenke over i kommunikasjon med andre mennesker. Eg meiner sjølv den er svært aktuell i arbeid med ungdomar i barnevernstenesta.

1) Eigenperspektivet:

Me ser verda får vårt eige perspektiv, på bakgrunn av vår erfaring, haldningane våre og kunnskap. I alle situasjonar nyttar me for-forståing og ein forståing av oss sjølv som vil få tyding for korleis me tolkar andre si åtferd og korleis me stiller oss til andre menneske. Det er stor sannsyn at me i stor grad forstår ting ut frå same meningskontekst.

I arbeid med andre mennesker er det av stor tyding å kunne bli kjent med seg sjølv. Dette handlar mellom anna om å reflektere over tydinga av eigne erfaringar, for-forståing, verdisyn og personlegdom. Fagfolk som ikkje kjenner seg sjølv, utgjer ein potensiell risiko både for klientane, samarbeidspartnarar og seg sjølv. Fagfolk som til dømes har vanskar med å setje grenser, kan stå i fare for å innvadere andre si verd på ein krenkande måte.

2) **Andreperspektivet:**

I samhandling må me også halde oss til andre si oppleving av verda- andreperspektivet. I yrkessamanheng møter ein mange menneske som er ulike frå ein sjølv. Ein møter også menneske som er i ein heilt anna livssituasjon. Derfor vil det alltid vere av tyding å kunne finne ut «kvar» den andre er, og begynne der. Slik stiller ein seg til andreperspektivet.

3) ***Det intersubjektive opplevingsfellesskapet***

Opplevingsfellesskapet kan sjåast på som ein indre, psykologisk ramme, eit mentalt samhandlingsrom. Når me kommuniserer, så *med-deler* me oss til kvarandre. Å kjenne at ein vert møtt av eit anna menneske er av stor tyding for oss menneske. Det gjev anerkjenning. I samtale med ein anna person kan me utvide opplevingsfellesskapet slik at me forstår meir og meir av korleis den andre personen har det inni seg og opplev ting, tenker og føler. Her tenker eg spesielt på korleis ein sakshandsamar skal møte, og setje seg inn i korleis ein klient har det.

Å skape ei slik ramme for kommunikasjon er ein føresetnad for at me skal kunne forstå kvarandre. Me kan ikkje gå frå det synspunktet me ser situasjonen frå, men utvide vår forståing, og vidare kome fram til semje.

Øvreeide (2009) skriv at ein god samtale er ein levande prosess- ein er i samspel, noko me uavhengig av alder og andre føresetnader har behov for og ein grunnleggjande evne til.

4) **Samhandlingsperspektivet**

Det fjerde og siste perspektivet handlar om å forstå samhandlingsprosessen og relasjonen mellom partane. For å kunne analysere og forstå kva me kommuniserar om, må me mellom anna ha kunnskap om kommunikasjon. Dette vert eit slags *metaperspektiv*; eit perspektiv på perspektiva. Når me inntek dette perspektivet, inviterer me den andre til å metakommunisere, det vil seie å kommunisere om kommunikasjonen.

Døme på dette kan vere: sakshandsamar spør klient: Forstår eg det slik at du...? Kva er

det som skjer no?» Me reflekterer over det som skjer i samhandlingen. (Røkenes og Hanssen, 2002).

Å ha eit slikt metaperspektiv handlar ikkje berre om å dobbelsjekke at ein forstår kvarandre. I samanheng med barnevernstenesta så kan ein seie at dette også handlar om kvalitetssikring. Barn har rett til å verte høyrte, jfr. lov om barnevernstenester § 6-3. Då er det av tyding at sakshandsamar forstår kva barnet meiner.

2.6 Kva vil det seie å nytte eit barneperspektiv?

Eit barneperspektiv føreset at det vert teke utgangspunkt i barnet sin eigen oppleving av situasjonen. Dette er i fylgje Stang (2007) berre i avgrensa grad mogleg når ein sjølv ikkje er eit barn. Barn er sjølvsagt like forskjellige som vaksne og barn tenker på ingen måte likt. Men barn set likevel ord på ting på ein anna måte ein vaksne, og ser verda på ein anna måte enn vaksne. (Ibid). Det er viktig å ha med seg når ein skal nytte eit barneperspektiv.

Perspektiv tyder *sjå gjennom*. Vidare skriv Stang (2007) at eit barneperspektiv vil være å sjå gjennom barnet sin synsvinkel, med barnet sin måte å betrakte:

«Barneperspektivet innebærer i denne sammenheng at de ulike spørsmål blir forsøkt sett fra barnets side, med innlevelse i barnets situasjon. I den samfunnsvitenskapelige barneforskningen har barneperspektivet vært definert som å studere barn og barns virkelighet på barns premisser, lytte til barns stemmer og prøve å se verden slik den ser ut for dem. For den voksne blir det spørsmål om å prøve å se barns virkelighet «med barns øyne». Det har videre vært sagt at det ikke er tilstrekkelig at barnet kommer til ordet; det må også vises lydhørhet for barnet som deltaker.»

(Stang, 2007: 86).

Fyrst vil eg påpeike at det er viktig å skilje mellom å ha eit *barneperspektiv* og å stille seg til *barnet sitt perspektiv*. I «Snakk med meg!» (2009) vert det å ha eit barneperspektiv skildra slik: å ha eit barneperspektiv tyder at den vaksne søker å forstå og setje seg inn i barnet sine tankar og opplevingar, og nyttar forståinga til å prøve å gje rett hjelp og støtte.

Barnet sitt perspektiv er annleis. Ein kan kalle det eit innanfrå perspektiv, der barnet si indre verd får hjelp til å kome fram. Det handlar om å finne ut kva barent tenkjer, føler, førestiller seg.

Å ha eit barneperspektiv krev metodisk arbeid og erfaring (Øvreeide, 2009). Det er ein treningssak- me kan verte betre. Dette heng også saman med andreperspektivet og det intersubjektive fellesskapet. Får me her ein god relasjon er det lettare å kunne utøve barneperspektivet, å forstå og sjå situasjonen frå klienten si side. Utan å ha kompetanse til det, vil det ha lite føre seg at klienten får uttrykkje sine meininger, jfr. lov om barnevernstenester § 6-3 om borns rett til å uttrykkje seg.

Born bryr seg ikkje så mykje om kva rolle me har, men at me lyttar til det dei ynskjer å fortelje, eller også at me kan fortelje dei noko som er av tyding for dei. (Øvreeide, 2009). Å sjå på barnet som eit subjekt- ein deltakar, vil også ha tyding for om ein har eit barneperspektiv. Barnet skal ha stor plass og bli respektert for sin kompetanse til å vere med på å forme sin livssituasjon og framtid.

2.7 Å samtale med born frå 12 år og oppover.

Då oppgåva mi handlar om ungdom, og dei eg har intervjuar er mellom 14 og 19 år, tykkjer eg det høyrer heime å trekkje fram det å samtale med ungdom. Sjølv om eg no har skrive om å ha eit barneperspektiv, meiner eg at dette også er viktig å ha med.

For at sakshandsamar i barnevernstenesta skal kunne ta vare på subjekts- og heilskapssyn, må det leggjast til rette for at ungdommen vert subjekt i eiga sak.

Då målet med å samtale med ungdommen er informasjonsinnhenting og å få oversikt over ungdommen sin livssituasjon (Hærem og Aadnesen, 2008) er det av tyding at dette vert gjort på ein måte der ein møter ungdommen «der den er», jfr. andreperspektivet. Øvreeide (2009) skriv at ein velutvika 12-åring kan i stor grad fylgje ein «vaksen» verbal dialog i ein trygg situasjon. Det vil seie at barnet vil kunne meistre dei fleste logiske og moralske kategoriar som vaksne nyttar. Det ideelle versus det reelle er likevel framleis ein vesentleg utfordring for ungdommen.

Sjølv om ungdom har ein relativ stor fridom til sjølv å velje og vere med på avgrerder i barnevernstenesta, er dei framleis born som står både i ein psykologisk og i ein materiell situasjon om avhengnad (Backe-Hansen og Øvreeide, 1999).

Øvreeide (2009) skriv at det kan vere ei utfordring å gå inn i ungdommen sine ideal og avvise dei som urealistiske. Den vaksne sin realistiske og «ulogiske forståing» vil virke like urimeleg for ungdommen som ungdommen sin ideelle forståing for den vaksne. Her vil det då liggje «til rette» for kommunikasjonsvanskar og me ser igjen nytta av å ha kunnskap om

andreperspektivet og det intersubjektive fellesskapet (Røkenes og Hanssen, 2002) eg tidlegare har skildra.

Vår oppgåve som sakshandsamar vil vere å lytte til og akseptere ungdomen sitt dilemma, og gje støtte og struktur der det trengs.

Heile vegen er det viktig å ha prinsippet om barnet sitt beste med seg. Det er tross alt målet for dei avgjerdene som skal takast, samt det er standaren når barnevernstenesta er involvert (Backe-Hansen, 1995).

Å samtale med ungdomen er det viktigaste verktøyet ein har for å kunne ta klienten sitt perspektiv og la han/ho få uttrykkje sine tankar. (Snakk med meg!). Om dei ikkje ynskjer å seie noko så skal det også vere greit. Å uttrykkje si meining er ein rett ungdomen har, ikkje ei plikt. (Høstmælingen et al., 2011). I fylgje forskning (Vis, 2007) er det viktigast for klienten å få vite kva som skjer.

Slik eg ser det, er det like viktig å gje informasjon til ungdomane som det er at dei skal gje sakshandsamar informasjon i form av å uttrykke seg. Ein ungdom uttrykkjer seg slik:

«Tidligere når jeg ikke ble hørt, så var det veldig vondt, fordi det følte nedverdiggende fordi ingen ville høre på hva jeg hadde å si... Det var overveldende at de ville høre på meg da jeg først snakket med dem. Det var uvant. Når jeg endelig fikk snakket med noen, følte det veldig godt».

(Snakk med meg!, 2009: 10)

Dette er eit direkte sitat frå ein ungdom henta frå rettleiaren «Snakk med meg!» som barne, likestillings- og inkluderingsdepartementet har utarbeida. Det illustrerar kor viktig det er at dei nettopp får moglegheit til å uttrykkje seg sjølv.

Å lytte er noko anna og meir enn berre å «høyre». Det handlar om å vere merksam, ikkje berre på orda, men også på intensjonen og kjenslene bak. Det handlar om å få med seg den verbale, og (likeså viktig) den nonverbale kommunikasjonen. Det handlar om å gje rom, gje tid og å vere tolmodig.

Rettleiraren «Snakk med meg!», (2009) har nokre tips om samtalen som eg gjerne vil trekke fram i denne oppgåva, dette gjeld både i samtale med yngre born og med ungdom:

Førebuing og planleggjing er avgjerande. Viss ein trur samtalen kjem til å verte utfordrande, er det av stor tyding å planleggje. Er du budd, aukar evna til å vere fleksibel. Å vere godt budd aukar også tryggleiken, for både sakshandsamar og ungdomen. Viss sakshandsamar har

eit roleg vesen over seg, vil dette smitte over på ungdomen. Førestill det motsatte: viss sakshandsamar er nervøs og utrygg vil dette veldig lett smitte over på ungdomen.

Det er viktig at sakshandsamar visar at han/ho er open for det ungdomen har å seie. På denne måten syt ein for at det ikkje er noko ungdomen ikkje kan seie til sakshandsamar. Ein skal vere open og tåle å høyre historiar, sjølv om dei kan vere vonde.

Viss ungdomen ynskjer det, bør det også vere i orden viss han/ho ynskjer å ha med seg nokon i samtalen. Dette kan vere tryggjande, spesielt viss det er i undersøkingsfasen eller tidleg i tiltak, og ungdom og sakshandsamar ikkje har fått bydt opp ein trygg relasjon endo.

Øvreeide (2009) poengrerer også at ungdomen sin konsentrasjon kan minske viss dei er under press og står overfor vanskelege temaer.

«Det vil alltid være et viktig moment ved metodiske barnesamtaler at vi prøver å sete oss inn i det enkelte barns logiske nivå, begrepsoppbygging og hvordan de relaterer erfaringer og opplevelser til seg selv som aktør».

(Øvreeide, 2009: 132)

Eg vil no kome inn på siste tema i dette kapitlet, der eg vil skrive om makt. Makt kan gå føre seg på mange arenaer, spesielt i samtale med ungdom, og eg meiner det er eit viktig tema i denne oppgåva.

2.8 Makt

Makt kan gå føre seg på mange arenaer. Det kan vere under samtale med ungdom, når sakshandsamar utarbeider tiltaksplan, i møte med andre instansar osv. Makt kan vise seg på ulike måtar, det vere skjult makt, symbolsk makt, definisjonsmakt osv.

I fylgje Skau (1996) tyder makt evne eller kraft. Det er eit normativt omgrep, men samstundes verdinøytralt i den forstand at makt kan nyttast både på godt og vondt. Det er viktig å hugse på at all maktbruk kan føre til krenking.

Flermoen (2009) skriv at makt må forståast som den evna ein aktør har til å få ein anna aktør til å gjere noko som vedkommande ellers ikkje ville ha gjort. Det må presiserast at aktør kan vere enkeltindivid, gruppa og organisasjon. Her i denne oppgåva vil det vere enkeltindivid (og organisasjon), ungdomen og sakshandsamar i barnevernstenesta.

Denne definisjonen knyter dermed makt til forholdet mellom aktørar. Makt vert med andre ord eit relasjonelt fenomen. (Flermoen, 2009).

Järvinen, Larsen m.fl (2005) set spørsmål med kva denne makta som «systemrøpresentanterne» har, kva går den ut på? Dei meiner det openbart ikkje berre er snakk om utøving av loven og paragrafar ovanfor klientane, men om noko langt meir inngripande, som er delegert til ulike faggruppers skjønn, som vil kan få vital konsekvens for dei berørte partar.

Dette ynskjer eg å prøve trekke fram i neste avsnitt, der eg kjem med dømer på makt og går inn i ulike situasjonar med makt.

Som sakshandsamar i ein organisasjon har ein moglegheit til å påverke avgjerder i ynskja retning. (Flermoen, 2009). Eg vil her kort nemne nokre former for makt som eg meiner er relevante i arbeid i barnevernsteneste.

1) Pososjonsmakt: denne formen for makt handlar om kva for ei rolle ein har. Her vil sakshandsamar i barnevernstenesta ha posisjonsmakt over sin klient, ungdomen.

Informasjon: sakshandsamar sit på mykje informasjon i saker og kan nytte dette i sitt arbeid. (Ibid).

2) Juridisk makt: med heimel i lov kan sakshandsmaar ta avgjerder ovanfor ungdomen.

Nettopp dette handlar jo om at ungdomen (og alle born) skal få moglegheit til å uttrykkje si meining slik at avgjerder ikkje vert teke over hovudet på dei.

3) Profesjonsmakt: det er profesjonane (sakshandsamaren) som definerer (definisjonsmakt kan ein også kalle det) situasjonen og tolkar. (Haugland, 2008).

Å ha makt kan vere både positivt og negativt, avhengig av korleis ein vel å nytte den.

Sakshandsamar i barnevernstenest er i ein posisjon der ein kan utnytte makta si. Det er derfor av tyding at sakshandsamar er seg bevisst på denne makta han/ho har tilgang til.

Sakshandsamar har makt til å la ungdomen få moglegheit til å involvere seg i eiga sak.

Brukarmedverknad gjev mykje betre effekt enn når barnevernstenesta skal ta avgjerder om

barent sitt beste-prinsippet utan å involvere ungdomen (Haugland, 2008). Å opne for

brukarmedverknad er difor både ein verdi i seg sjølv, men også ein strategi; det er lettare å nå måla, det vil seie hjelp som nyttar og inkluderar.

Haugland (2008) skriv at ho ved fleire høve har møtt både foreldre og borna deira som fortel at dei ikkje forstår sakshandsamar sitt arbeid eller avgjerder.

Dette er godt døme på korleis sakshandsamar kan misbruke makta si og ikkje utøve brukarmedverknad.

På den andre sida, makt kan også vere positivt. Både Addams og Cooley (Levin og trost, 2005) seier at å sympatisere er ein føresetnad for makt.

«Bare i den grad et menneske forstår andre mennesker og således trer inn i deres liv og forestillingsverden, kan det mennesket effektivt utøve makt over andre».

(Levin og Trost, 2005: 69).

Til sist under dette temaet vil eg understreke at kanskje det viktigaste sakshandsamar kan gjere er å «møte klienten der den er». Ein skal ikkje opptre med makt, men heller vere litt audmjuk. Møt menneskene der dei er, og begynn der. (Järvinen og Mik-Meyer, 2003).

2.9 Korleis skal sakshandsamar vere?

Til sist i dette kapittelet vil eg knyte det eg no har skrive om, saman og setje det i samanheng med korleis barnevernstenesta- og sakshandsamar bør opptre. Her vil eg trekke inn nokre nye forfattarar på utvikling av relasjonkompetanse.

Born har rett til beskyttelse, det kjem det fram av i FN sin barnekonvensjon. Kjørholdt (2010). Med dette fylgjer det også skjønnsvurdering av beskyttelse. Ein kan få eit inntrykk av at beskyttelse handlar om ikkje å verte involvert i eiga sak hjå barnevernstenesta. (Stang, 2007). Slike haldningar kan langt på veg byggje på feilaktige førestillingar om born og unge sitt liv, deira evne og kompetanse til å delta, og deira behov for eit beskyttande regelverk som fremjar deira interesser. (Ibid).

Sjølv om born og unge har rett til beskyttelse, har dei også rett til medverknad. (Barnekonvensjonen art. 12).

Det kjem fram av Back-Hansen og Havik (1997) tydinga av å sjå etter det spesifikke, og å sjå klientane sin situasjon i samanheng med den livsfasen dei er i og den konteksten dei lev i. Her har sakshandsamar makt til å definere situasjonar. Maktesløyse kjem fram frå ungdomane, dei føler seg relativt maktesløyse i situasjonen. Deira forståing av situasjonen vert ikkje teke på alvor. Her kan ein trekkje inn Røkenes og Hanssen (2009) om å ta den andre sitt perspektiv.

For at sakshandsamar skal kunne ta den andre (ungdomen) sitt perspektiv er ein avhengig av at sakshandsamar har relasjonskompetanse. Eg har i tidlegare avsnitt skrive om tydinga av

relasjon, og ynskjer her å trekkje inn personleg kompetanse knytt til dette. Seinere vil eg drøfte dette i forhold til dei funna eg har gjort av intervju.

Skau (2010) skriv at vår eigen forståing av oss sjølve har tyding og er avgjerande for våre moglegheitar for utvikling. Vidare vil dette få tyding for personleg kompetanse. Dette er noko som ikkje kjem til uttrykk på eksamenskarakter og er vanskeleg å feste med omgrep.

Som sakshandsamar i barnevernstenesta jobbar ein tett og nært med mennesker, ofte i vanskelege eller utfordrande livssituasjonar. Då er det ikkje nok berre å kunne det juridiske, ein må også kunne ha relasjonskompetanse og evne til å kunne opptre varsamt og følsomt.

Personleg kompetanse er en viktig del av profesjonaliteten. (Ibid).

Del og vis anerkjenning, ikkje os over av makt, skriv Aubert og Bakke (2009). På denne måten veks tillit, og ungdomen vil kunne få eit mykje betre forhold til det som går føre seg.

Til sist i dette kapitelet vil eg kort nemne at det også er av tyding at sakshandsamar har eit godt forhold til foreldra til ungdomen. Dei er også med i prosessen, og ofte er det dei som har mest kontakt med barnevernstenesta. (Kjørholt, 2010). Dei skal også verte møtt med respekt og tillitt. For dei kan det også vere redsle og usikkerheit knytt til at dei saman med ungdomen sin treng hjelp av barnevernstenesta. (Strandbu, 2001).

3. Metode

I dette kapittelet skal eg ta føre meg og skildre gangen ifrå det å lage problemstilling til korleis eg har gjennomført intervjua. Dette vil mellom anna vere å finne rett design, arbeidet med å finne informantar og kva eg la vekt på i utforminga av intervjuguiden. Her vil eg forklare kvifor eg tykkjer mi problemstilling er eit viktig tema. Eg vil forsvare mine val, samstundes som eg opent fortel om utfordringar eg har møtt. I slutten av kapittelet vil eg ta føre meg etikk og reflektere rundt det. Byrjar no med å skrive litt om vitskapsteori og korleis ein kan setje det i samanheng med forskning, spesielt ved sosialt arbeid og hermeneutikk.

3.1 Vitskapsteori og hermeneutikk

Vitskapsteori kan handle om både forskar og korleis ein vel å utføre prosjekta sine. Her vil eg skrive om vitskapsteori i forhold til korleis ein i arbeid med mennesker som sosialarbeidar bør arbeide.

Både sensibilitet og refleksjon er sentralt i arbeid med menneske. Sensibilitet handlar om kunnskap om subjektive situasjonar, medan refleksjon speglar det å kunne tenke i omgrep og analysere og gjere vurdering over dei erfaringane me får og den kunnskapen me har. (Nortvedt og Grimen, 2009).

Som nemnt kan sensibilitet forståast som mottaking for og følsom forståing av andre menneske sine subjektive situasjonar (her: ungdomane sine opplevingar i barnevernstenesta). Her vil eg trekke inn hermeneutikken. Filosofisk hermeneutikk er ein teori om forståing. (Nortvedt og Grimen, 2009). Hermeneutikk tyder forklaringskunst, og handlar om å tolke meiningsfulle fenomen. Ein sakshandsamar i barnevernstenesten må stille seg til ei verd som allereie er tolka av dei sosiale aktørane sjølv. (her: ungdomane). (Gilje og Grimen, 1993). Dette gjeld uavhengig av om dei sosiale aktørane sine fortolkingar og forståing av seg sjølv og verda er korrekt eller ikkje.

Hermeneutikken er primært oppteken av korleis mennesket innafor språket sine rammer og i språkleg formidlande samanhengar forstår den meining og dei intensjonane som andre menneske gjev uttrykk for gjennom handling, ord og i dei relasjonelle samanhangane. Eit viktig poeng her er at mellommenneskeleg forståing også vert prega av den horisont eller samanhang partane opererer innafor. (Nortvedt og Grimen, 2009). Til dømes, vil det vere

forskjell på å ha møte med ein ungdom på cafe eller på kontoret til sakshandsamar? Vil det vere lettare for ungdom å ha relasjon til sakshandsamar utanfor dei strukturelle rammene på eit kontor?

Eit anna viktig hermeneutisk poeng er: ei viktig oppgåve sakshandsamar har er å hjelpe ungdomen med å tolke sin eigen situasjon slik at han/ho vidare kan leve med den.

For den tradisjonelle hermeneutikken var det ei sentral oppgåve å unngå misforståingar og feiltolkingar. Spørsmålet om objektivitet og rett tolking står i sentrum. (Thornquist, 2012).

I arbeid med menneske er det viktig å hugse på at hermeneutikken er ein filosofi som legg vekt på at all forståing er kontekstuell; all forståing er danna i ein historisk og kulturell samanheng. Eigne tidlegare erfaringar og forståelse av oss sjølv utgjer ein bakgrunn for all vår forståing, også forståinga av andre, gjennom forforståing og dei fordomane ein har.

Tilbake til sensibilitet og refleksjon. Nortvedt og Grimen (2009) skriv at ein grovt sett kan seie at medan fenomenologien kan seie oss noko om sensibilitet som inntrykksvarhet, kan hermeneutikken fortelje oss noko om refleksjon over og fortolking av inntrykk.

3.2 Utforming av problemstilling og val metode

Å utforme ei problemstilling handlar om *kva* undersøkinga skal fokusere på. Det inneber at ein må definere eit eller fleire tema som prosjektet skal gje informasjon om. Eit kriterium på ei god problemstilling er at den er tydeleg nok til å gje retningliner for dei metodiske og faglege valga forskaren må ta føre seg i løpet av prosjektet. Vidare er det også av tyding at problemstillinga er tilstrekkeleg avgrensa, men samstundes open nok. (Thagaard, 2011).

Då eg skreiv bacheloroppgåva mi, skreiv eg om korleis sakshadsamarar i den kommunale barnevernstenesta oppleve å samtale med born og om dei opplevde å mangle kunnskap på området. Dette ynskja eg å byggje vidare på. Heilt sidan eg hadde praksis i ei kommunal barnevernsteneste gjennom bacheloren, har eg hatt stor interesse for borns medverknad og deira rett til å uttrykke si meining, samt at dei vert lytta til. No ville eg forske på korleis ungdomar opplever å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta. Eg ville høyre deira meining og deira historie. Med omgrepet «å verte tekne vare på» meiner eg om ungdomane får seie si meining. Kjenner dei rettigheitane sine? Vert dei lytta til? Dette er spørjemål som er nedfelt i lovverk. Born *skal* verte lytta til, og dei har ein *rett* til å få lov til å uttrykke sine meiningar. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

Eg valgte 6 ungdomar i alder 14-19 år grunna dei då truleg vil vere reflekterte og ha opparbeida seg sine egne meiningar om det å vere klient i barnevernstenesta. Eg hadde også ei forståing av at det ville vere lettare å få tak i ungdomar på ungdomskule og oppover. Målet med denne oppgåva har vore å finne ut korleis det er for ungdom å vere klient. Har dei god relasjon til sakshandsamar? Er dei med på avgjerder? Får dei seie si meining? Kva tykkjer dei om det? Kjenner dei rettane sine? Kommuniserar dei godt med sakshandsamar? Når eg formulerer problemstillinga mi med «korleis dei opplever», så er eg ute etter deira måte å fortjele på, og dette har lagt grunnlag for korleis eg har utarbeida intervjuguiden. Kva innafor deira «oppleving» er det eg vil finne ut? Fyrst måtte eg finne ut om kvalitativt design var rett måte å gjere det på.

3.3 Finne rett design

Val av undersøkingsdesign har store konsekvensar for gyldigheita til undersøkinga. Eit viktig spørjemål å stille seg er: «Er det undersøkingsdesignet eg velger, eigna til å belyse den problemstillinga eg ynskjer å undersøkje?» (Jacobsen, 2010). Med bakgrunn i val av problemstilling var det eit naturleg val å velje kvalitativt design, med djupneintervju av ungdomane. Eg ynskja deira personlege, unike opplevingar og deira meiningar. Eg var ute etter å høyre deira historiar, fortalt på deira måte og i deira tempo, samt kunne ha moglegheit til å oppleve ansiktsuttrykk og stille ekstra spørjemål. Desse personlege historiane deira ville eg ikkje kunne få gjennom spørjeskjema eller avkrysning. Å nytte kvalitativt design har vore krevande, men det er nettopp informasjonen eg har fått gjennom denne metoden som formar oppgåva mi, og gjev meg dei personlege historiane eg ynskjer.

Kvalitativt metode handlar om nettopp dette, å gå i djupna på noko for å få ei forståing. (Jacobsen, 2010).

Dalland (2008) skriv at refleksjon rundt val av design må kome godt fram. Det har eg gjort her i denne delen av kapittelet. Vidare skriv han at det er viktig å vurdere metoden. Var det rett val av metode? Fekk eg svar på problemstillinga mi? Dette er viktige moment å tenke gjennom, som eg vil ta opp i slutten av oppgåva, etter drøfting.

3.4 Intervju som forskingsmetode

Intervju tyder eigentleg ein «utveksling av synspunkt» mellom to personar som snakkar saman om eit felles tema. Føremålet med eit intervju er å få intervjupersonane sine egne

opplevingar, forklart på akkurat deira måte. Dette skil seg frå å nytte eit kvantitativt design, der det er avkryssing og personane må krysse av på det som er nærast det dei meiner. Ved intervju får ein vite akkurat kva dei meiner, med deira egne ord. (Jacobsen, 2010).

Ein vel forskingsdesign ut frå kva som passar best til problemstillinga. (Ibid). Når eg ynskjer å høyre om ungdomar sine opplevingar, vert den rette metoden å nytte kvalitativt design.

Eg har bevisst valgt ikkje å ha med namn eller kva kommunar ungdomane er frå. Det gjorde også at eg sparte tid ved å sleppe å søkje til NSD om tillating.

3.4.1 Fordelar med intervju som metode

Det er både fordelar og bakdelar ved å nytte enten kvalitativt eller kvantitativt design. Eg vil kort nemne både fordelar og bakdelar ved at eg har nytta kvalitativt design.

Kvalitativt design er opne, og dei gjev svært nyanserte data. Ungdomen gjev sine fortolkingar av, sine meiningar om den individueller forståinga av eit forhold. Dei dataene eg får inn er godt eigna til å få fram det spesifikke, det unike og hans eller hennar heilt spesielle meiningar. Designet vert godt eigna til å komme «under huden på» dei som vert intervjuet. Eg får også moglegheit til å observere og sjå kroppsspråket til ungdomen medan me samtalar i lag. (Ibid). Dette kan få tyding for semistrukturerte intervju. Her vil kroppsspråket leggje føringar for kva oppfylgjingsspørjemål eg kjem med. (Dalland, 2007).

Kvalitativt design er også fleksibelt. Etter kvart som eg får inn data, kan eg endre på den vidare datainnsamlinga, altså gjere om på intervjuguiden.

Openheit, nyanserikdom, nærleik og fleksibilitet gjer at kvalitativt design ofte gjev data med høg intern gyldigheit. Dette tyder at ein får fram den rette forståinga av eit fenomen eller ein situasjon. Det er dei som vert undersøkt, som definerar kva som er den «rette» forståinga. (Jacobsen, 2010).

Dette er dei sterke sidene ved kvalitativ design.

3.4.2 Svake sider ved intervju som metode

Ein finn også svake sider ved kvalitativt design, og dette er viktig å ta med seg inn i forskinga. Den fyrste utfordringa ein møter på er at det er ressurskrevjande. Intervju tek ofte lang tid, og

me må nøye oss med få respondentar. Me vert på denne måten tvinga til å *prioritere mange nyansar framfor mange einingar*.

Dette fører vidare til at ein kan få problem med representativiteten til dei me spør. Er desse menneska representative for andre enn seg sjølv? Kvalitative design har alltid denne type *generaliseringsvanskar*. Det vert problem med den eksterne gyldigheita. Dette tyder at det kan vere vanskeleg å seie at det ein finn, kan gjelde for andre enn dei ein har undersøkt og intervjuet. (Ibid).

Vidare kan det også vere ei utfordring med nærleik. Intervjupersonane kan føle dei må svare slik eller slik fordi dei opplev at forskaren ynskjer det og det svaret. Her er det av tyding av forskar er så nøytral og roleg som mogleg. (Ibid).

3.5 Finne informantar- utfordring og lærdom

Å finne ungdom som vil verte intervjuet av ein masterstudent har på mange måtar vore ei stor utfordring. Vil eg få tak i nok informantar? Vil dei svare på spørjemåla mine? Kva viss dei trekker seg? Dette er nokre av utfordringane eg har reflektert over.

Eg starta tidleg med å ta kontakt med ulike barnevernstenester på vestlandet, dette fordi eg visste det ville vere ein lang prosess og målet mitt var å gjere ferdig intervjuet i november. Ca 15 kommunar har eg vore i kontakt med, gjennom telefon, e-post og brev. Eg starta alltid med ein telefonsamtale til leiar for å høyre om dei kunne vere interessert i å hjelpe meg med å finne ungdomar. Vidare sendte eg e-post eller brev (alt etter korleis dei ulike barnevernstenestene ville ha informasjonen) med prosjektplanen min, der eg skildra kva oppgåva skulle handle om og kva for tema eg var interessert i å få svar på av ungdomar. Veldig mange kommunar var interessert i å hjelpe meg, og mange meinte det var eit interessant tema eg hadde valgt som er viktig å ha fokus på.

Likevel var det vanskeleg å finne ungdomar. Eg ynskja å ha 6-8, både jenter og gutar eg kunne intervjuet.

Tilbakemelding lot vente på seg, og mange e-postar vart ikkje besvart, heller ikkje telefonkontakt. I forkant av denne prosessen var eg fullt klar over at barnevernstenestene har det travelt og ikkje har mykje tid til overs til å hjelpe meg med mi oppgåve. Eg byrja å ta kontakt med fritidsklubbar, gjekk rundt blant ungdomane og informerte om projektet mitt. Etter nokre månadar med telefon- og e-postkontakt fekk eg positivt svar frå 8 ungdomar.

Nokre gjennom barnevernstenester, andre gjennom fritidsklubbar.

Litt før eg skulle starte intervjurunden trakk 3 av ungdomane seg. Dette er noko som eg var førebudd på, men vona sjølv sagt det ikkje skulle skje. Jacobsen (2010) skriv at det i kvalitative undersøkingar ikkje er tal på kor mange informantar som er det sentrale, men om dei kan gje god og interessant informasjon i forhold til problemstillinga. Talet på informantar er viktig i den forstand, at med eit større utval, så vil ein få meir nyansert og detaljert innsikt i det ein forskar på. Mitt mål var å i alle fall ha 6 informantar.

Etter eg hadde gjennomført 5 intervju fann eg ein siste ungdom som ville verte intervjuet av meg. Så i alt har eg hatt 6 informantar, 4 jenter og 2 gutar.

Jacobsen (2010) skriv om ulike kriteriar for val av informantar. Tilfeldig, bredde og variasjon, informasjon og kombinasjon av ulike måtar. I den situasjonen eg har vore i med bakgrunn i tidsavgrensing og omfang, har eg på ingen måte vore i ein situasjon der eg kan vere kravstor eller velje. Eg har vore glad og svært takksam for kvar ungdom som har latt meg få intervjuet dei. Etter å ha avgrensa problemstillinga til ungdom mellom 14-19 år, var eg open for kvar ungdom innafor den avgrensinga.

Ungdomane har vore forskjellige, både i alder, kjønn og deira oppleving av barnevernstenesta. Dette har gjort at eg tykkjer dei er eit godt og tilfeldig utval, som har kome med mykje viktig informasjon til oppgåva mi, som eg skal presentere ved eit seinere høve.

3.6 Lage disposisjon

Å lage ein god disposisjon har vore heilt naudsynt for meg. Dette for å ha ein plan over kva som må gjerast til kvar tid, og at eg skal kunne ha oversikt over løpet.

Min disposisjon vart slik:

- * August-september 2013: Finne informantar. Utarbeide intervjugiude
- Oktober-november 2013: Gjennomføre intervjuene
- Desember 2013: Transkribere intervjuene
- Januar 2014: Skrive metodekapittel
- Februar-mars 2014: Arbeide med funn og skrive teoridel
- Mars-mai 2014: Arbeide med analysedel og skrive teoridel

Det har blitt litt avvik i forhold til disposisjonen, men den har vore eit godt utgangspunkt, og det er veldig godt å ha ein plan å fylgje når ein jobbar med ei oppgåve over so lang tid.

Å finne informantar tok lenger tid enn eg trudde, samstundes som dette då lot meg nytte lenger tid på å lese teori og utarbeide intervjuguiden.

3.7 Lage intervjuguide

Ein intervjuguide er den planen me sjølv har for intervjuet. Den kan vere detaljert eller berre innehalde tema som skal takast opp. Eg ynskja å lage min intervjuguide halvstrukturert, også kalla semistrukturert. Det vil seie at eg har ein meir open plan for intervjuet. Tema og nokre spørjemål er skrive ned, men eg er ikkje bunde til ei bestemt rekkefylgje. Spørsmåla kan utviklast i samtalen og fylgjer dei svara intervjupersonen gjev, ein form for oppfylgjingsspørjemål. (Dalland, 2007).

Alternativa til semistrukturert intervju er å enten ha strukturerte eller ustrukturerte intervju. Strukturerte intervju er kjenneteikna ved bruk av organiserte og faste spørsmål. Spørsmåla er ofte gjevne i form av spørreskjema, ofte nytta i kvantitativ design.

Ustrukturerte intervju har ikkje eit ferdig oppsett med utarbeida spørsmål på førehand. På denne måten legg den som intervjuar fram tema for samtalen, og samtalen vert styrt veldig etter intervjuguiden.

Intervjuguiden skal kunne gje svar på det problemstillinga søker. (Thagaard, 2011).

Det som har vore viktig for meg i utarbeiding av intervjuguide er å heile vegen tenke på kva problemstillinga spør om; «*Korleis opplever ungdomar å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta? Opplev ungdomane å få seie sine meiningar og verte høyrte?*» Her er det ein del å ta omsyn til. Fyrst, spørsmåla må vere tilrettelagt for dei ein skal intervjuje. Det vil seie at eg kjem til å stille ein del ulike spørjemål til 14-åringen, samanlikna med 19-åringen, med bakgrunn i aldersforskjell. Vidare nyttar eg omgrepet «oppleving», eg er ute etter å finne ut korleis dei opplev å vere klient.

Eg ser no i ettertid at eg kunne ha stilt andre spørsmål og hatt meir oppfylgjingsspørjemål. Eg har lært mykje undervegs i denne prosessen, men likevel har det kome mykje godt ut av dei spørsmåla eg laga i haust.

Eg har heile vegen vore sær oppteken av at ungdomane sine meiningar om å vere klient i den kommunale barnevernstenesta skal kome fram. Eg har delt inn intervjuguiden i 4 kategoriar:

1) Informasjon og juridiske rammer.

Her spør eg om dei opplever å få nok informasjon om rettane sine, informasjon i eiga sak, får dei svar på spørjemål dei måtte ha og om dei opplever å forstå kva som skjer av avgjerder med dei.

2) Samarbeid og relasjon til sakshandsamar.

Her spør eg om dei har eit godt forhold til sakshandsamaren sin, om dei stolar på han/ho og om dei opplever å ha ein god relasjon. Kan dei snakke opent, tørr dei seie sine meiningar, og opplev dei at sakshandsamar lyttar og forstår.

3) Vurderingar.

Her er eg ute etter å høyre korleis dei tolkar møtene dei er med på og om dei sjølv tykkjer dei er nok involvert i eiga sak eller om dei ynskjer å få meir innsikt i saka si.

4) Framtida.

Under denne kategorien ynskjer eg å finne ut om dei veit kva som skal skje framover, er dei informert om kor lenge tiltaket skal vare og eventuelt kva som skal skje etter ettervern.

Eit vellukka intervju er avhengig av at eg som student på førehand har satt meg godt inn i intervjupersonane sin livssituasjon og tek omsyn til den.

3.8 Førebuing av intervju

Utgangspunktet for eit godt intervju er at forskaren på førehand har satt seg godt inn i informantane sine situasjonar. Dette er naudsynt for å stille spørsmål som vert opplevd som relevante for ungdomen. Eg har difor ein intervjuguide som er eit utgangspunkt, men grunna den er semistrukturert vil den endre seg etter kven eg har intervju.

Det er ein del omsyn å ta før ein startar intervju. Kvar skal intervju gå føre seg, korleis skal eg som forskar oppføre meg, og korleis skal eg dokumentere intervju, med bandopptakar eller skriving?

Forsking har vist at den samanhengen- kontensten som intervjuent går føre seg i, på verkar som regel innhaldet i intervjuet. (Jacobsen, 2010). Det var av tyding for meg å finne ein nøytral plass utan forstyrrende omgjevnadar. Jacobsen (2010) skriv at det ikkje er nokon kontekst som er nøytrale, alle påverkar dei intervjuet i ei eller anna form. Derfor må ein tekne gjennom kvar det passar best for kva personar ein skal intervju. Eg tok eit val og

gjennomførte intervju på grupperom på ulike bibliotek. Dette gjorde eg fordi eg ynskja å sitje uforstyrta, og eg tenkte på teieplikt.

I forkant av intervju har eg hatt telefonkontakt med alle ungdomane og forklart dei kva oppgåva mi handlar om og kvifor eg ynskjer å intervju dei.

3.8.1 Opptak eller notere undervegs?

Vidare er det viktig å tenkje på korleis ein skal dokumentere intervju. Skal ein nytte bandopptakar eller notere undervegs? Ein god samtale krev at me ganske ofte har augekontakt, noko som gjer notatskriving vanskeleg. (Jacobsen, 2010).

Dette er noko ein må vurdere både i forhold til informantane og til tema for intervjuet, skriv Thagaard (2011). Viss det er i orden for informantane, så er bandopptakar å føretrekkje. Fordelen med opptak er at alt som vert sagt, vert bevart. Eg har då moglegheit til å konsentrere meg om informanten og på denne måten observere informantane sine reaksjonar, som vil vere viktig data. Viss ein skal nytte sitat, noko eg har gjort mykje, finner ein utsegna ordrett på bandet.

Når forskaren noterer undervegn, vil mengda av data verte redusert. Det er ikkje mogleg å få skrive ned alt. (Ibid).

Eg har valgt å nytte bandopptakar på alle mine seks intervju, og har vedlagt i oppgåva eit skriv om informert samtykkje. Alle ungdomane har skrive under og vorte munnleg informert om kva det tyder. På denne måten har eg moglegheit til å halde meg forholdsvis avslappa til notatskrivinga.

3.9 Gjennomføring av intervju

Det fyrste eg byrjar med er å gjenta at eg har teieplikt og at det ikkje på nokon måte går ann å finne ut kven eg har intervju gjennom å lese oppgåva mi. Eg gjev beskjed om at eg gjerne ynskjer dei skal sei ifrå viss det er nokre tema eller spørsmål som dei ikkje har lyst å snakke om.

Eg har vore veldig tydeleg på kvifor eg ynskjer å intervju dei og kva som er føremålet med oppgåva mi. Det er viktig at eg fortel kva føremålet med oppgåva er. (Backe-Hansen og

Frønes, 2012). Vidare har eg presisert at ingenting av det som vert sagt kjem tilbake til barnevernstenesta.

Det har også vore viktig for meg å halde meg nøytral til den informasjonen ungdomane har gjeve meg, og latt dei få snakke om det dei meiner er viktig. Dalen (2004) skriv at forskaren sine egne opplevingar og meiningar bør som regel haldast utanfor. Det er viktig å ha evne til å lytte, og til å vise genuin interesse for det informantane fortel.

Eg tykkjer intervjuar har gått veldig bra. Alle dei seks ungdomane eg hadde kontakt med stilte opp. Av intervjuar var det fire veldig gode intervju og to som var mindre gode. Dette gjekk på at eg fekk korte svar og mi oppleving var at desse to ungdomane var usikre og litt flau. Som forskar er det mi rolle å til dels styre eit semistrukturert intervju, og det er mi oppgåve å ta vare på ungdomane. (Jacobsen, 2010 og Dalland, 2007).

Når eg går gjennom bandopptakaren i ettertid høyrer eg mi eiga stemme mykje. Det kjem av at eg sjølv var nervøs før intervjuar, og det kjem fram på at eg på enkelte spørsmål snakkar mykje. Etter kvart som eg gjennomfører fleire intervju vert dette mindre av. For meg har intervjuprosessen vore ei stor læringskurve, der eg har fått kjent på korleis mi rolle skal vere og korleis ein kan opptre best mogleg.

Det tek tid og erfaring for å verte ein god intervjuar. (Dalen, 2004).

Gjennomføringa av intervjuar har variert litt i forhold til kven eg intervjuar. Det går på kva og korleis eg stiller spørsmål. Eg har ein intervjuguide eg har holdt meg til, men samstundes stiller eg også ulike spørsmål til 14-åringen og 19-åringen, grunna aldersforskjell.

For å lage ei avslappa stemning har eg teke med meg brus og litt snacks. Eg byrjar med å prate litt om meg sjølv fyrst, og spør litt om kvardagslege ting som ikkje er noko med oppgåva mi å gjere, men berre for å skape ein relasjon. Dette vert støtta av Aubert og Bakke (2009). Vidare byrjar eg med spørsmåla. Her gjev eg rom for refleksjon og stille. På denne måten får ungdomen god tid til å svare. Når ein intervjuer born og unge er det viktig å vise at ein er interessert i det dei snakkar om. (Kruuse, 2007). Dette trur eg at eg fekk fram, spesielt ved å vere aktiv på å stille oppfylgjingsspørsmål og forsikre meg om at eg hadde forstått rett, ha eit metaperspektiv på det. (Røkenes og Hanssen, 2009).

Avslutningsvis snakka me litt om intervjuet. Eg spurte om det var noko meir ungdomane ynskja å seie, og eg gjentok enkelte tema me snakka om og spurte om eg hadde forstått det rett. Det har vore viktig for meg å vite om det gjekk greit å verte intervjuar, difor spurte eg

også om korleis dei sjølv tykkte det hadde gått føre seg. Eg fekk tilbakemelding på at alle meinte det hadde gått fint, og det var ikkje vondt å snakke om temaet. Jente 19 år sa det var fint at nokon ynskja å vite meir om ungdomane sine meiningar og det var fint å kunne få snakke om det til nokon som verkeleg ville lytte og ikkje avbryte eller kome med sine meininar.

Med ein gong intervjuet har vore ferdig og ungdomane har gått, har eg også sete igjen for å tenkje tilbake på intervjuet og skrive ned kroppsspråk og tankar eg har gjort undervegs, oppsummert for meg sjølv. Her er det viktig å tenke over korleis sjøve situasjonen kan ha påverka innhaldet i det me har høyrte og sett. (Jacobsen, 2010).

3.10 Kategorisering av funn

Etter transkribering har eg valgt å kategorisere mine funn ved å nytte fargekodar. På denne måten har eg kontroll over dei ulike funna, og at alt som har med same kategori å gjere kjem på rett plass. Eg har delt det inn i 4 hovudkategoriar, med nokre underkategoriar:

1) Informasjon.

Denne kategorien har underkategoriar som går på informasjon om rettar og om informasjon undervegs i eiga sak.

2) Relasjon.

Her finner eg at det går igjen i alle intervju at ungdomane er oppteken av kor viktig det er med god relasjon til sakshandsamar og at dette får tyding for samarbeid.

3) Barnet si stemme.

Dette handlar om å få seie si meining, verte lytta til og bli høyrd.

4) Makt.

5) Lojalitet mot foreldre.

Eg går ikkje noko meir inn på dei ulike kategoriane, for det vil det kome meir av i kapitlet der eg presenterer funna mine.

Der er mange ulike tilnærmingar til analyse av kvalitative data. Likevel er det ein del fellestrekk: me vekslar mellom å analysere delane og å sjå delane i ei større heilheit. Denne tilnærminga vert kalla *hermeneutisk analyse*. Analysa har ei «spiralform», ofte kalla den hermeneutiske sirkel. Dette går på at alle kvalitative data byrjar med samling av rådata. Desse må so strukturast, som inneber ei oppdeling av heilheita i eit sett av enkeltelemt. Så

prøver me å sjå delane i ljøs av heilheita, til dømes at me ser på kva intervjuar har til felles og kva som skiljer dei.

Eg har som vist valgt å nytte meg av innhaldsanalyse, som er ein teknikk der data vert delt inn i tema eller kategoriar, og ein vidare prøver å finne samanheng mellom kategoriane. Eg ser i mine kategoriar at fleire av dei glir inn i kvarandre. Eit døme på dette er barnets stemme og makt. Her handlar det om sakshandsamar si avgjerd på kor mykje ungdomen vert gjeve moglegheit til å vere aktiv i eiga sak.

Kategoriar er det verkemiddelet me treng for å seie at nokon typar data liknar kvarandre og handlar om same tema- eller at nokre typar data er forskjellige frå kvarandre. Grunnen til at me kategoriserar er at me forenkler kompliserte, detaljerte og rike data. Det er også slik at kategorisering er ein føresetnad for at me kan samanlikne tekstane frå dei ulike intervjuar.

Då eg går i djupna av analysen er eg oppteken av kontekst. Eg argumenterar for, og visar til teoridel at i ein anna kontekst kunne svara vore annleis. Vidare nyttar eg mykje tid på barnet si stemme, og visar til lov om barnevernstenester og FN sin barnekonvensjon. Å analysere og vidare drøfte dette er den mest spanande delen av oppgåva vil eg seie. Det er her ein verkeleg får vise kva som kan ha samanheng, og ein får knyte teori i saman.

3.11 Etisk refleksjon ved å intervju ungdom

Ei undersøking handlar som releg om at me bryt inn i privatsfæren til enkeltindivid. Dette kan i enkelte tilfeller stille oss ovanfor eit etisk dilemma, det at me i ynsket vårt om å kartlegge noko kan kome i skade for å krenke nokon av dei me intervjuer. (Jacobsen, 2010). Etisk refleksjon av forskning er noko me heile tida må ha med oss. Det er eit krav til forskarar om evne og vilje til å ta vare på etiske omsyn. Her handlar det mellom anna om krav om informert, frivillig samtykkje, krav til privatliv og tilstrekkeleg informasjon om prosjektet. (Backe-Hansen og Frønes, 2012 og Jacobsen, 2010).

Born og unge er ei sårbar gruppe. Dei er ikkje myndig og er framleis i utvikling. For meg som har intervjuar ungdom i alderen 14-19 år har det vore spesielt viktig å forsikre meg om at dei er godt informert om masteroppgåva mi og kva den går ut på, at dei kan trekkje seg kva tid som helst, og at dei forstår kva det tyder å la seg intervju av meg. Foreldre har også vorte informert gjennom barnevernstenestene, og eg har vore i kontakt med nokre av dei som måtte ha spørsmål.

Mange prosjekt som ynskjer å involvere born og unge direkte, held seg ofte til aldersgruppa 12-18 år. Ei viktig årsak til dette er at ungdom vanlegvis er i stand til å forstå skriftleg informmasjon om eit prosjekt, dei er også kognitivt meir mogne og har ei større forståing. (Backe-Hansen og Frønes, 2012).

Vidare er det viktig å tenkje på kva kontekst intervjuar går føre seg i. Ungdomane kan gje ulike svar i ulike kontekstar. Dette tyder ikkje at noko er sant og noko er usant, men nettopp at samtalar er sosiale prosessar og at det som vert sagt må sjåast ut frå det. (Ibid). Dette har også samband med det Levin og Trost (2005) snakkar om når det handlar om her og no. Situasjonar og historiar endrar seg ut frå kvar me er her og no, og at me mennesker ikkje er statiske. Dette vil få tyding når eg skal drøfte.

Eg er trygg på at eg har utført intervjuar på best mogleg måte og vore varsam med tanke på at nokre av temaene kan ha vore vonde. Det har heile vegen vore viktig for meg å vise omsyn og høg grad av forståing, slik at ungdomane kjenner seg trygge. Det er viktig å hugse på at sjølv om ungdomane verkar mogne og reflekterte, skal ein trø varsamt og hugse på at dei tross alt er ungdom og framleis ikkje vaksne.

På den andre sida vil eg også nemne at eg tykkjer det er viktig for ungdomane at nokon er genuint interessert i deira meiningar, tankar og kjensler. Å verte intervjuar kan vere positivt for dei fordi det då er nokon som tek dei på alvor. Det er nokon som har nytte av den kunnskapen dei sit inne med.

Etter intervjuar spurte eg ungdomane om korleis dei tyckte intervjuar hadde vore. Alle svara at det hadde gått heilt fint, og det ikkje var noko skummelt eller negativt.

3.12 Kvaliteten av studien

Undersøkingar skal alltid prøve å minimere problem knyt til gyldigheit (validitet) og pålitelegheit (reliabilitet). Kristisk drøfting er av tyding når det skal vurderast om konklusjonane er gyldige og til å stole på. (Jacobsen, 2010). Validitet er knyt til tolking av data. Det handlar om gyldigheit av dei tolkingane forskaren kjem fram til. Reliabilitet kan knytast til spørsmålet om ein kritisk vurdering av forskinga gjev inntrykk av at forskinga er utført på ein påliteleg måte. (Thagaard, 2011).

3.12.1 Intern gyldigheit

Intern gyldigheit handlar om resultata vert oppfatta rett. Her kan ein trekke inn at einkvar oppfatning er er sann for den enkelte. (Jacobsen, 2010). Ein vanleg måte å validere funn på er å konfrontere dei me har intervjuet med dei funna me som forskar har kome fram til. Dette har på den andre sida, ei klar avgrensing. Ofte har dei ein har intervjuet ikkje moglegheit til å gjennomføre det. (Thagaard, 2011).

For å utvide testinga av intern gyldigheit er det naturleg å sjekke eigne konklusjonar mot andre undersøkingar. Korleis står andre fagfolk sine konklusjonar i forhold til mine? Eg har sett på tidlegare forskning som eg har trekt inn i mi oppgåve når eg skal vurdere funna mine, og ser at noko går igjen i anna forskning, men noko er også unikt for denne oppgåva.

3.12.2 Ekstern gyldigheit

Den eksterne gyldigheita handlar om i kva grad funna våre frå ei undersøking kan generaliserast frå nokre få som har vorte undersøkt, til andre som ikkje har vorte undersøkt. Hovudmålet med kvalitative metodar er som regel ikkje å generalisera frå eit utval til ei større gruppe, populasjonen. Denne type studiar har i lita grad som føremål å slå fast omfanget av eit fenomen. Føremålet er heller å forstå og utdjupe omgrep og fenomen. (Jacobsen, 2010).

Det er også vanskeleg å generalisere funn frå kvalitativ metode. Me undersøker få einingar, og difor er det vanskeleg å kome med ein påstand som seier at dette utvalet er representativt for ein større populasjon av einingar. (Ibid). Det har heller ikkje vore noko mål for meg med denne oppgåva å kunne generalisere tilbake til populasjonen. Målet med denne oppgåva har vore å få fram personlege, unike og spesielle meiningar om eit tema, som eg kan analysere saman med valfrie teori og ta lærdom av det.

3.12.3 Reliabilitet

Reliabilitet er vurdering av om forskinga er til å stole på. Både reliabilitet og validitet er av tyding i diskusjonen av forskinga si truverde.

Omgrepet reliabilitet refererar i utgangspunktet til spørsmålet om ein anna forskar som nyttar same metode, ville kome fram til same resultat. (Thagaard, 2011). Ein kan stille seg spørsmål om det er trekk ved sjølve undersøkinga som han skapt dei resultata me har kome fram til.

Måten å undersøke på kan påverke sjølv resultatet. Dei som vert undersøkt, vert påverka av den som undersøker, samstundes som den som undersøker også vert påverka av dei som vert undersøkt. (Jacobsen, 2010).

Argumentasjonen for reliabilitet handlar også om at forskaren reflekterer over konteksten for innsamling av data. Eit viktig punkt her er at dei ungdomane som eg har intervjuar kan ha vorte påverka av meg, det er viktig å reflektere over. Korleis er relasjonen? Er den prega av openheit? (Thagaard, 2011). Difor seier ein ofte at når to undersøkarar kjem fram til same resultat, kan me anta at resultatata er til å stole på. (Jacobsen, 2010).

Med bakgrunn i dette har det som tidlegare nemnt vore viktig for meg å opptre mest mogleg nøytral og la ungdomane få snakke medan eg visar interesse for det dei seier. Eg vonar at på denne måten har dei vore ærlege og opne om tema som har vorte diskutert, noko eg også trur dei har vore.

4. Presentasjon av funn

I dette kapitlet vil eg presentere dei funna eg har gjort i dei kvalitative intervjua. Eg har delt dei inn i kategoriar, samt underkategoriar. I neste kapittel vil eg drøfte dei funna eg har gjort opp mot relevant teori som er presentert i teorikapitlet.

Hovudfokuset i denne studien har vore å undersøkje korleis ungdom opplev å bli tatt vare på av barnevernstenesta, som fyrste line instans og om dei opplev at meiningane deira får tyding. Eg vil i dette kapitlet setje ljøs over dei funna eg har vurdert som betydelege, og som kan ha innverknad på i kva grad sakshandsamar i barnevernstenestene inkluderar ungdomen og lar dei få vere med på avgjerder der deira stemme og meining kjem fram og vert lytta til.

Det er seks ungdomar i alderen 14-19 år som er blitt intervjua. I framstillinga av funna har eg ikkje nytte namn, men heller skrive kjønn og alder for å skilje dei. Eg har heller ikkje skrive kvar dei kjem frå.

Eg vel å nytte mykje direkte sitat, dette er eit bevisst val for å få fram ungdomane si stemme, og ikkje berre at eg skriv og fortel. Eg fortel også undervegs, og forklarar i samla sett viss det er likskapstrekk som fleire av dei har snakka om.

Alle intervju vart gjort mellom oktober 2013 og januar 2014.

4.1 Kategori 1: Informasjon

Eg har valgt å kalle eine kategorien for informasjon. Her presenterer eg ulike direkte sitat og forklarar samtalar meg og dei ulike ungdomane har hatt. Det vere at dei tykkjer dei får god informasjon, saknar informasjon osv.

På spørjemål om kva tid dei kom i kontakt med barnevernstenesta, og om dei hugsar om dei fekk noko informasjon frå sakshandsamar om kva barnevernstenesta var og kvifor dei skulle snakke med «framande vaksne folk», svarar dei:

«Trur det er ca 3-4 år sidan eg kom i kontakt med barnevernstenesta. Eg skjønnte ikkje kva barnevernstenesta var. Dei forklarte det ikkje heller. Kanskje dei trudde eg visste kva det var og at det var liksom litt sånn allereie forstått situasjon, men ikkje for meg. Eg vart ikkje redd eller noko slikt, men skulle liksom ynskje at eg forstod litt meir liksom»

(Gut, 14 år.)

«Eg hugsar eg byrja å møte barnevernstenesta ca i 4. klasse trur eg. Sånn som eg hugsar det, så fekk eg høyre av mamma at når barnevernstenesta var der så måtte eg gjere sånn og sånn, fordi ting skulle vere sånn og sånn liksom, men eg fekk ikkje noko særleg informasjon frå dei.

(Jente, 15 år.)

«Eg veit me fekk informasjon om at dei kanskje skulle flytte oss vekk frå mamma og sånn, og det var jo skummelt. Og eg vart jo då redd kvar gong dei kom på besøk, ikkje sant... Er det no eg ikkje skal få sjå mamma meir, kvifor er dei her no liksom?

Eg stiller oppfølgingsspørsmål: «Så du skjønnte ikkje alltid kvifor dei var der?»

Jente, 15 år: «Nei...»

(Jente, 15 år.)

«Eg trur det var for ca 2 år sidan. Fyrst skjønnte eg ingenting, eg visste ikkje kva barnevernstenesta var ein gong, eg. Men så etterkvart så forklarte dei det, då skjønnte eg det jo. Åsså du veit, sånn teieplikt å sånt. Det forklarte dei også».

(Jente, 16 år.)

«Ærleg talt, så hugsar eg ikkje. Det er blitt nokre år sidan no. Det var tilbake på slutten av barneskulen/byrjinga på ungdomsskulen kan eg tenke meg. Dei har vore tydelege heile vegen, dei har vore klare og gitt informasjon.

Teieplikt og rettigheter? Dei forklarte det då eg budde på barnevernsinstitusjon, det var siste halvåret av 10.klasse».

(Gut, 17 år.)

«Me har vore mykje inne og ute i biletet. I starten trur eg ikkje eg forstod kva barnevernstenesta var... Det vart kanskje formulert på ein slik måte at barnevernstenesta vil deg ikkje så godt. Det var kanskje slik eg såg det. At dei var nokre dårlege personar. Eg forstod ikkje heilt kva teieplikt var i starten. Men så må eg også leggje til at ein møter jo folk i live som ikkje held teieplikta si. Det har eg vore borti og det er ikkje noko kjekt!»

(Jente, 19 år).

På spørjemål som handlar om informasjon i eiga sak og tiltak, sjølv sakshandsaminga kjem det opp varierte svar og meiningar:

«Jo, dei gjev eigentleg bra informasjon. Eg forstår kva som skal skje. Men eg kunne tenkt meg litt meir informasjon sånn frå no til neste gong liksom, ikkje berre sånn langt fram i tid. Dei burde teke meir kontak med meg liksom, ikkje berre med pappa, slik at eg ikkje går mykje i uvisse. Eg ynskjer eigentleg å snakke meir med sakshandsaharen min.

(Jente, 16 år).

«Etter eg fekk ny sakshandsamar så er det vorte mykje betre, ho tek tak i ting og hjelper og ja... Sidan eg er over 18 år, så har eg fått ei liste over kva dei skal hjelpe meg med. Tidlegare var det veldig mykje diskusjon att og fram for eg hadde besøksheim som eg var i, og der vart eg på ein måte berre verande og verandre og kunne liksom ikkje heim og sånt».

«Ein anna ting også....Eg trudde ikkje det var så stor skilnad på før/etter 18 år i barnevernstenesta. Eg fekk plutselig vite at eg måtte flytte ut frå fosterheimen min, for det kosta jo faktisk pengar å ha meg i fosterheim, og viss eg ikkje ville flytte så måtte eg sjølv betale for fosterheimen. Det var heilt forferdeleg å høyre det! Slike ting kunne dei gjerne ha forklart meg, og førebudd meg på! Eg skjønnte liksom ingenting».

«Eg har teke kontakt, eg har mast, eg har ringt, fordi eg veit at viss ikkje eg tek kontakt, så skjer det ingenting. Og sånn er ikkje alle! **Det er ikkje alle som veit at dei må mase og ta kontakt, kanskje andre unge er redde, ikkje sant. DERFOR** er det viktig med å få informasjon. Og faktisk **FORSTÅ** informasjonen».

(Jente, 19 år.)

«Plutselig hadde eg byta sakshandsamar. Eg fekk ikkje beskjed om at eg skulle byte på førehand. Plutselig var det berre ei ny ei. Eg spurte ho om kvifor eg ikkje hadde ho andre lenger. Då fekk eg til svar at ho hadde meir med mindre born å gjere og at ho var i undersøking. Dei har sånne ulike fasar, veit du.

(Jente, 15 år)

«Fyrst tykkja eg det var frykteleg skummelt, for eg hadd liksom høyrte at barnevernstenesta tok ungar frå foreldra.... Og eg ynskja jo ikkje flytte sant. Men så då eg hadde møte med dei for ca 2 år sidan, forklarte skshandsamar det veldig godt. No er eg glad for at barnevernstenesta tilbydde hjelp».

(Gut, 16 år).

«Då eg vart flytta frå mamma veldig brått, skjøna eg ingenting. Då fekk eg ikkje snakke med ho verken i telefon, sms eller facebook. Men så etter eg hadde vore på ferie fekk eg plutselig lov å vere hjå ho i ein månad, **den koplingen tok eg ikkje heilt**. Hallo liksom, eg kunne jo fått vite kvifor, då hadde det vore lettare for meg å halde meg til det.

Men no er det annleis, med ho nye sakshandsamaren. Då vert eg informert, det er eg veldig glad for. Då stressar eg ikkje så mykje, skjønner du».

(Jente, 15 år).

«Eg blir litt sånn forvirra av og til. Over kva dei egentleg gjer. Altså heile barnevernstenesta, det er liksom så mykje.

Ja, eg skulle ynskje eg fekk meir informasjon. Informasjon om kven dei er og kva møtene handlar om. Er litt interessert i det.

Det er mamma og pappa som går i møte, åsså seier eg til dei kva dei skal formidle. Eg hadde hatt lyst å vore med».

På spørjemål om han får vite kva som vert snakka om på møte utan han, får eg til svar:

«Ja. Det som er viktig. Er på ein måte ok, får vite alt som handlar om meg.

(Gut, 14 år).

Samla sett kan ein seie at alle ungdomane er opptekne av informasjon. Dei ynskjer å få informasjon om deira eiga sak, og dei som er lite aktive ynskjer å vere meir aktive og få vere med på mellom anna måter og avgjerder. Sjølv om dei svarar med ulike historiar, ser ein likheit i at fleire av dei opplevde mangel på informasjon. Dei har til tider vore forvirra, og ikkje visst kva som skal skje.

4.2 Kategori 2: Relasjon

Under denne kategorien presenterer eg det ungdomane svarar på som handlar om deira forhold til sakshandsamar. Det vere om dei snakkar opent saman, stolar dei på sakshandsamar og korleis dei plar samarbeide i forhold til eventuelt utarbeiding av tiltak. Eg ser at kategorien heng nøye saman med den neste kategorien som handlar om barnet si stemme, og om dei opplev å verte lytta til, men har delt dei inn i to ulike kategoriar for å få best mogleg oversyn. Eg har presentert mykje teori om relasjon og å sjå den andre, dette vil verte drøfta og satt i samanheng i neste kapittel.

«Det er så viktig at eg kan stole på dei. Det blir liksom litt tryggleik oppi alt det skumle og uvisse».

«Sakshandsamaren min er flink til å forstå meg. Ho skjønar liksom kva eg meiner, og ho møter meg på det nivået eg er på. Det set eg pris på.»

(Gut, 16 år).

Det kjem fram i funna at det å ha god relasjon til sakshandsamar spelar ei stor rolle for alle ungdomane. På denne måten får dei tryggleik sjølv om det er vonde situasjonar dei er oppi og det er viktig for dei at dei kan tørre å seie meiningane sine. Det kjem også fram av eine ungdomen at det ikkje er nok berre at ungdom og sakshandsamar har god relasjon, men også foreldra og sakshandsamar. Slik kan ein få til eit godt samarbeid. Eg har også spurt om dei har hatt mange sakshandsamarar, og om dette har påverkand på korleis deira relasjon blir med tanke på at dei ofte snakkar om vanskelege tema og tillit tek tid å byggje.

«Eg har hatt to sakshandsamarar. Eg kan hugse at ho forrige har fulgt meg heile vegen på ein måte, heilt til no i sumar. Rett før sumaren, då fekk eg ny sakshandsamar. Då var begge sakshandsamarane med på nokre sånne samtalar slik at overgangen skulle vere litt tryggare. No har eg berre ho nye».

«Eg har også ein sånn talsperson veit du, som eg kan ha med på møte viss eg vil. Det er eg som har valgt ho, og ho kjenner liksom ikkje mamma og pappa. Ho er med meg. Det gjev tryggleik for då veit eg at mamma eller pappa ikkje kan overtale ho til å seie noko om ting».

(Jente, 15 år).

*«Ja, det er på ein måte litt to-delt. Før og etter vidaregåande kan ein vel seie. Eg har mykje betre kontakt med sakshandsamaren eg har no, og mykje betre forhold og dei hjelper og ja... men eg trur kanskje det har veldig mykje med **kva kontaktperson ein får**, for det har vore så vanvittig mange kontaktpersonar så eg har ikkje talet på det, og det er jo vldig dumt at det skal vere slik. Du skal jo på ein måte klare å stole på personane som skal hjelpe deg og sånt... No har eg ei veldig kjekke ei då. Ho tek kontakt og spør korleis det går og sånt, ja... eg trur det er det det står på».*

(Jente, 19 år).

Det visar seg at når det handlar om relasjon er det særst viktig for alle ungdomane at dei kan stole på sakshandsamaren sin. Tillit går igjen i alle intervju. Dei har behov for at dei kan få

snakke opent om vanskelege tema, seie si meining og at sakshandsamar er til stades for å lytte.

«Eg har ikkje akkurat kjent sakshandsamaren min så lenge, men det er sånn at eg stolar på han. Han andre eg hadde, hadde eg i fleire år, så han stolte eg veldig på.

Eg trur han er flink til å forstå, han er ikkje slik som avbryt, han let meg få snakke om det eg meiner».

(Gut, 17 år).

«Eg føler det av og til kan vere vanskeleg... ja... sånn som eg veit liksom ikkje heilt om eg kan stole på dei for at dei plar seie alt til pappa, sant. Eg skulle ynskje det eg sa til sakshandsamar ikkje kom vidare».

Dei plar gje meg nummer, men eg har aldri ringt. Men dei seier at eg kan ringe viss det er noko. Det er veldig ok, for då føler eg at me på ein måte har litt bra forhold, skjønner du? Eg plar ikkje ringe då, syns liskom det er litt kleint å snakke med dei og sånt, veit ikkje heilt kva som gjer det ubehageleg eigentleg. Men fint at eg i alle fall har moglegheit til det då».

«Men altså sånn jamnt over, så er det ganske greit å vere i barnevernet. Dei er flinke og sånt».

(Jente, 15 år).

Jente, 15 år er veldig reflektert og svarar godt og langt på spørjemåla. Ho deler og fortel mykje, som gjer at det kjem fram god informasjon.

Jente, 19 år er også godt reflektert. Ho har hatt lang erfaring med barnevernstenesta og seier at historia hennar er på ein måte todelt. Før og etter ungdoms/vidaregåande skule. Etter har ho fått mykje betre kontakt med den sakshandsamaren ho har og stolar på ho. Dette gjer at ho kjenner seg meir trygg og ho poengterer kor viktig dette er. Spesielt med tanke på at ho har opplevt stikk motsett, der det har vore mykje uvisst i forhold til kva framtida vil bringe.

4.3 Kategori 3: Barnets stemme- om å få seie si meining og vere aktiv i eiga sak

Den tredje kategorien har eg kalla for «barnet si stemme» grunna her kjem det godt fram kva ungdomane meiner om å få vere aktiv i eiga sak og så seie sine meiningar. Sjølv om dei eg

har intervjuet er ungdomar, kallar eg kategorien for «barnet si stemme» fordi det på det juridiske plan ikkje skil mellom born og ungdom, slik eg tidlegare i oppgåva har forklart.

Det kjem godt fram av intervjuet at alle eg har snakka med ynskjer å vere aktiv i eiga sak. Dei ynskjer å få seie si meining, men også at den skal tyde noko. Det er lite poeng i å seie si meining viss ikkje sakshandsamar lyttar og forstår. Som tidlegare nemnt, kan ein trekke parallellar med kategorien relasjon. For at ungdomane skal interessere seg i eiga sak, må også sakshandsamar vere det også, fortel fleire av dei.

Vidare kjem det også fram at det er delte meiningar om i kva grad dei sjølv skal vere aktive. Her visar det seg at det er skilnad på kor mykje dei skal delta på møteverksemd og ha kontakt med sakshandsamar. Nokre har behov for tett oppfyljing og mykje kontakt, medan andre er nøgd med berre å vere aktiv i eiga sak stundom.

Fleire av dei fortel at sakshandsamar seier dei berre kan ringe utanom møtetid, viss det skulle vere noko dei lurar på eller ynskjer å fortelje. Det vert satt pris på, men sjeldan dei nyttar seg av det.

På spørjemål om kor aktive dei sjølv er i eiga sak, og om dei er med i prosessen om vedtak og tiltak, får eg litt ulike svar:

«Ja, spørst kva det gjeld eigentleg, men som oftast får eg vere med i prosessen og seie mi meining. Eg tykkjer sjølv eg er godt involvert i mi eiga sak då».

Men... me har ikkje snakka så mykje saman heller, då... Åsså trur eg eigentleg ho høyrer mest på pappa då, og me er ikkje eininge. Eg skjønar jo kvifor det vert slik, han er jo vaksen, og kanskje dei tenker at eg ikkje veit mitt eige beste...»

«Men av og til så er det ikkje alltid greit. Av og til viss det er om avgjerder og dei ikkje snakkar så mykje med meg, då kan eg gå derfrå og verte veldig sint, ja...»

«Det er vel ho sakshandsamaren som snakkar mest, ho fortel kva som skal skje og då snakkar ho om det.»

«Dei snakkar eigentleg mest med pappa. Eg hadde ynskja å vore med på det. Kanskje eg hadde sagt meir viss eg hadde hatt moglegheita til det.»

(Jente, 16 år).

«*Dei tek meg med i samtale, eg får lov til å bestemme mykje sjølv. Og til dømes det med at eg var på institusjon, det var ikkje tvang men frivillig plassering.*»

På spørjemål om han er redd for å seie si meining, får eg veldig tydeleg svar:

«*Nei, det har eg aldri vore! Eg involverar meg ganske mykje, tykkjer eg sjølv då. Eg elsker merksemd, så eg tykkjer det er kjekt å vere i møte og seie mi meining. Åsså er det lett, alltid lett å snakke med barnevernstenesta, **eg kvir meg aldri.***»

«*Eg føler det er slik at eg berre kan ringe, men som oftast er det aldri noko eg lurar på.*»

(Gut, 17 år).

«*Eg skulle likso få vere med å bestemme, men eg ville aldri snakke med dei. Det var før då, slik er det ikkje no.*»

«*No er det litt sånn opp til meg kva me snakkar om. Viss eg ikkje har lyst ein dag, så kan eg liskom avlyse det, det er i orden. Og viss det er noko anna, så kan eg berre ta kontakt.*»

«*Dei snakkar ganske mykje med meg før ei avgjerd. **Eg får jo seie kva eg meiner om det og slikt.** Eg er der jo nesten annakvar veke, så då får eg jo sagt kva eg meiner. Korleis det går, og kva eg føler om det og det. **Eg trur dei tek det med i prosessen når dei tenker vidare.***»

«*Eg føler at eg vert teke på alvor. Nokre dagar har eg mykje å seie og fortelje, andre dagar så er det liksom ikkje noko å seie. Då er det mest ho som snakkar då. Dei spør alltid om det er noko meir eg lurar på eller noko sånt, og at eg berre må ta kontakt viss eg kjem på noko og sånt. Det er ikkje slik at eg opplever eg ikkje får sagt noko eller er redd for å seie noko eller at ho ikkje har tid. Det er ikkje slik.*»

«*Men av og til kan det vere vrient å fortelje viss det er om noko viktig og stort som skal verte teke avgjerd om, for det eg seier kan jo verte tolka feil og vridd på. Sjølv så veit eg ikkje alltid heilt kva eg tenker, så då kan det vere vanskeleg å vite kva eg skal seie og sånn liksom. **Men eg føler meg jo godt teke vare på av dei sånn sett.***»

(Jente, 15 år).

Dei andre som eg ikkje har henta direkte sitat frå, seier også mykje det same. Dei opplev å få seie si meining når dei møter sakshandsamar og dei er heller ikkje redd for å seie det dei har på hjartet. Det varierar kor mykje dei har kontakt med barnevernstenesta og sakshandsamaren sin, men når dei er i kontakt, så vert det ikkje opplevd som skummelt. Ein kan seie at barent si

stemme kjem godt fram, samstundes som nokre gjev uttrykk for at dei ynskjer å vere meir involvert.

4.4 Kategori 4: Makt

Eg har i teorikapittelet skrive om makt og at det er ulike typar makt. Det kjem fram av intervjuet at det er variert korleis sakshandsamar handsamar dette. Ein ser tydeleg at det ved fleire høve er snakk om definisjonsmakt som sakshandsamar har.

«Fordi dei hjalp ikkje, og eg følte dei berre var ute etter å finne feil.»

*«Og dei gjorde ganske lite altso, så det var ikkje kjekt. Når sakshandsamar sjukemeldte seg eller reiste på ferie, så gav ho ikkje beskjed. Me fekk ingen me kunne kontakte. Og det var veldig sårt, for her er det jo snakk om **maktmisbruk** viss du spør meg. Dei har moglegheit til å utrette så mykje, og då vert det rett og slett skummelt når ein ikkje heilt veit kvar ein har sakshandsamaren sin».*

«Eg føler på ein måte at dei høyrer det dei vil høyre. Og kanskje høyrer veldig på mange utanfrå, for det går jo ann å sende bekymringsmelding og sånt. Men eg meiner at viss dei veit kven som sender bekymringsmelding, så bør dei tenke seg om to gongar før dei grip inn.»

Når ho fortel om ein situasjon ho ikkje er nøgd med, der barnevernstenesta ikkje tok kontakt i forhold til då pappaen hennar døyde, kjem det mellom anna fram:

*«Eg tenker også at kanskje dei tenkte; jaja, ho tek det ikkje så tungt, dei har jo ikkje hatt så god kontakt. For me var jo på ein måte litt redd han, men me var jo glad i han. Men det er ikkje godt nok kva dei tenkjer og synst. **Det er ikkje noko å synse om, dei må vite og dei må spørje.***

(Jente, 19 år).

Vidare er det fleire av ungdomane som forklarar at dei ynskjer å få vere meir aktiv i saka si, og vere meir involvert. Dette har eg knyt saman med kategoriane relasjon og barnet si stemme, men slik eg ser det er det også ei form for makt barnevernstenesta har. Fleire seier at dei er nøgd med at dei får seie meininga si, men samstundes kjem det også fram at dei også ynskjer å vere meir aktive. Sakshandsamar i barnevernstenesta har moglegheit og makt til å bestemme i kva grad ungdomen skal få verte involvert og gis anledning til å uttrykke si meining og verte lytta til.

Fleire forklarar at det hadde vore betre viss dei hadde visst meir også, som kan knytast opp mot kategorien om informasjon. Samstundes er dette også makt. Eg finner i intervjuet at det ved fleire høve er snakk om definisjonsmakt, der ungdomane vert definert på førehand før dei egentleg har fått sagt sitt.

«Eg tykkjer ikkje dei berre kan rekne med at eg liksom skal skjøne, og difor la vere å informere meg. Sånn vert jo heilt feil, skjønner du?»

«Misforstå meg rett, eg er nøgd med mykje som eg får hjelp til, men samstundes føler eg av og til at eg kanskje vert litt førehandsdømd, det likar eg ikkje.

(Gut, 16 år).

4.5 Kategori 5: Lojalitet til foreldra

Den siste kategorien eg presenterer var det ikkje alle som nemnste, men den var til ei viss grad overraskande for meg. Eg vel å presentere den fordi det er eit viktig punkt som vil ha innverkan på korleis ungdomar klarar å halde seg til sakshandsamar, samt foreldre.

Grunnen til at denne kategorien kom litt overraska på meg, og eg heller ikkje hadde noko spørsmål innanfor denne kategorien er fordi eg ikkje har lest så mykje teori om det. MEN, det gjer det ikkje noko mindre viktig likevel.

Det kjem fram frå tre av ungdomane at dei stundom er nervøse for å snakke med barnevernstenesta og sakshandsamaren sin, då dei opplev det som svik ovanfor foreldra sine. Dette er i hjelpetiltak, der hjelpa er mykje retta mot foreldra si åtferd og rettleiing til dei. Dei gjev uttrykk for at dei skulle ynskje det kunne vere enklare å snakke om slike ting, og sakna å vite om teieplikta. Dei har ikkje lyst at det skal kome direkte tilbake til foreldra det dei har sagt til sakshandsamar om dette, og er urolege då dei ikkje veit om det skjer eller ikkje.

«Eg var jo veldig ei beskyttarrolle då, sånn som eg kom i forsterheim på frivillig grunnlag, i ungdomstida, og det var jo på ein måte for seint då.

(Jente, 19 år).

Ho fortel vidare at ho skulle ynskje barnevernstenesta hadde forklart ho at det ho sa til dei, ikkje ville skade foreldra hennar. For det var det ho var redd for, at då ville ikkje mammaen hennar klare seg utan ho viss barnevernstenesta tok ho ut av heimen.

Vidare fortel jente 15 år at ho var redd for å seie noko som kunne vere feil til barnevernstenesta og sakshandsamaren sin:

«... men eg var redd for å seie noko liksom, så... eg var redd i forhold til mamma, kva som kom til å skje med henne.»

«Eg vil ikkje måtte velje mellom mamma og pappa.»

«Åsså er eg redd for at det eg seier skal verte vridd på og tolka feil.»

(Jente, 15 år).

Ho forklarar vidare at ho har vore redd for å seie feil, for det kan få store konsekvensar. Korleis kan ho sikre seg at det ho seier ikkje vert misforstått? Det er jo tross alt alvorlege saker det er snakk om. Ho ynskjer ikkje å vere noko mellomperson som må velje mellom foreldra, og likar difor heller ikkje å snakke om det med barnevernstenesta, sjølv om ho også skjønar kvifor dei må snakke om det.

Alle av dei tre ungdomane som nemnte dette, forklara samstundes at det er ikkje meiningane deira i seg sjølv dei er redde for, men heller det at dei kanskje sårar sine foreldre. Det er ikkje noko kjekk kjensle å ha, seier alle tre.

5. Drøfting av funn

I dette kapitlet skal eg analysere og drøfte dei funna eg har presentert i førre kapittel. Eg drøftar kvar kategori for seg sjølv for å få mest oversyn og ha det mest ryddig, samstundes som eg også kjem til å trekke inn dei andre der det er samanheng, for å vise ei heilskapeleg forståing av det eg ar funne ut. Alle kategoriane har samanheng med kvarandre, og på denne måten er det dei som formar denne oppgåva slik den er. Difor er det av tyding å sjå samanhengen mellom dei sjølv om eg vel å presentere dei kvar for seg.

I drøftinga kjem eg til å trekke inn den teorien eg har presentert i teorikapitlet, og skrive vidare på dette for å setje ljøs over funna mine. Her vil eg sette det i samanheng med teori eg har presentert i kapittel 2. Eg kjem også til å kome med eigne faglege vurderingar og meiningar, som er støtta opp under ulike teori.

Eg ynskjer i dette kapitlet å vise korleis eg har tolka og vurdert dei ulike forteljingane og historiane til ungdomane. Det er på ingen måte noko fasitsvar, men eg presenterar ulike måtar å tolke det på gjennom drøfting.

5.1 Kategori 1: Informasjon

Det kjem tydeleg fram av dei direkte sitata frå ungdomane at nesten alle tykkjer dei fekk for lite informasjon i starten. Nokon fortel at dei ikkje heilt forstod kva barnevernstenesta var for noko, medan andre ikkje heilt skjønna kva som skulle skje og det gjorde dei redde og usikre. Jente 19 år hadde ei forforståing av at barnevernstenesta var noko skummelt, og difor vart ho redd då dei kom på besøk.

Her vil eg seie at ein kjem direkte inn på det eg tidlegare har presentert i teorikapitlet om interaksjon med fokus andreperspektivet og metaperspektivet som Røkenes og Hanssen (2002) skriv om. Det er også viktig å hugse på at ungdomane kom i kontakt med barnevernstenesta på ulike tidspunkt og alder, og det også kan ha innverknad på dei svara dei har gjeve. Dette kan sjåast i samanheng med veking av aktivitet også, historia vår endrar oss samstundes som me endrar oss.

Det kan fort tenke seg at sakshandsamar har tenkt at dei allereie visste kva barnevernstenesta var, og difor gav informasjon ut frå det. Utan å ha nok fokus på andreperspektivet og i tillegg ha eit metaperspektiv over situasjonen, kan sakshandsamar ha opplevd at sin klient forstod

kva som gjekk føre seg. Røkenes og Hanssen (2002) skriv at ein i møte med den andre, skal møte den andre som subjekt. Dette tyder at ein skal hugse på at den andre har eit indre, avgrensa senter for oppleving. Slik eg ser det, er det spesielt viktig når ein arbeidar med ungdom å heile tida sikre seg at dei har forstått. Barnevernstenesta er eit komplekst organ, og mange ungdommar har høyrte mykje om det utan heilt å forstå kva dei eigentleg handlar om, slik jente 19 år fortel.

Ved å ha eit metaperspektiv og det å spørje «*har eg forstått det rett når eg tolkar at du seier?...*» vil ein kvalitetssikre samtalen, og også sikre seg at ungdommen har fått den informasjonen den har krav på, og *forstått* det. Det nyttar ikkje berre å gje informasjon, ein skal som sakshandsamar sikre seg at den er motteke og oppfatta rett.

FN har ein eigen konvensjon om born sine rettar. Her går det tydeleg fram at born sine interesser skal kome fram. (Bunkholdt og Sandbæk, 2009).

I lov om barnevernstenester står det tydeleg i § 6-3: «*et barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg synspunkter skal informeres.....*». Her ser me at det i lova er skildra at klientar i barnevernstenesta skal få **informasjon**. Dette tolkar eg som om det gjeld gjennom heile saksgangen, både i undersøking og i tiltak.

Når det gjeld informasjon i tiltak og informasjon i eiga sak får eg ulike forteljingar. Her er det variert kor mykje informasjon dei vert gjevne. Dette kan sjølvstund variere med bakgrunn i at det er ulike sakshandsamarar og ulike kommunar. Jente 19 år fortel at det vart betre då ho fekk ny sakshandsamar. Dette kan bunne i to ting. Det personlege ved sakshandsamarane, at rett og slett sakshandsamar nr 2 er flinkare til å ta vare på sine klientar. Men også at det har med alder og mogning å gjere. Etter kvart som borna vert eldre, og går over til å vere ungdom vert det naturleg å involvere dei meir.

I lov om barnevernstenester § 6-3 står det: «*Barnets mening skal tillegges vekt i samsvar med barnets alder og modenhet*». Her kan ein tenke seg at førre sakshandsamar har vurdert jente 19 år som for liten då dette fann stad. Ho fortel at dette var ein gong på ungdomsskulen.

På den andre sida, kan ein også seie at dette ikkje er i tråd med dei rettane ungdom har i barnevernstenesta. Der det er rom for vurdering, er det også rom for skjønn. Men her skal skjønn vere i tråd med barnet sitt beste. Som nemnt i teorikapittelet, er barnet sitt beste eit overordna prinsipp ein arbeidar etter. (Høstmælingen et al., 2011). Barnet sitt beste skal

tilleggjast avgjerande vekt i den gjeve situasjonen. Det er også viktig å hugse på når ein drøftar her at barnet sitt beste også er eit relativt omgrep. Det er kva ein fyller det med som vert av tyding.

Slik eg erfaringsmessig tolkar barnet sitt beste, vil det vere at å få informasjon er med på å tryggje ungdomen i forholdt til kva som skal skje med kvardagen. Ungdom har rett til brukarmedverknad, og for å vere involvert i eiga sak er det heilt sjølvsagt at ein må få informasjon.

Eg vil drøfte litt vidare på det eg skreiv om at grunnen til at jente 19 år hadde ein to-delt oppleving av barnevernstenesta grunna to sakshandsamarar. Her kan ein trekkje inn personleg kompetanse. Viss den fyrste sakshandsamaren ikkje var komfortabel eller trygg på seg sjølv i rolla som tilsett i barnevernstenesta, så kan dette vere ein av grunnane til at jente 19 år har ein dårleg erfaring. Røkenes og Hanssen (2009) skriv om metaperspektiv som eg har trekt inn i denne kategorien. Slik eg ser det, kan ein knyte dette opp mot personleg kompetanse. (Skau, 2010). Eg veit ikkje om sakshandsamar faktisk har prøvd å gjeve informasjon. Men eg veit at jente 19 år opplev ikkje å ha fått det. Viss sakshandsamar ikkje har vore trygge på si rolle, og difor ikkje klart å ta oppretthalde eit metaperspektiv, kan ein slik situasjon oppstå.

Sett at denne sakshandsamaren har gjort eit forsøk på å gje informasjon. Det vere i form av brev eller personleg møte. Likevel opplev jenta ikkje å ha fått informasjon, og vert usikker på kva som skal skje med ho. Skulle ho sjølv ha teke kontakt og sagt ifrå? Det ho fortel er ikkje unikt. Andre har også opplevd dette.

Tidlegare forskning støttar oppunder desse utsagna. Fleire ungdomar har opplevd ikkje å få vite. Gulbrandsen et al. (2012) skriv at mange sakshandsamarar stiller seg til foreldra, og lat vere å informere ungdomen. Kva kjem dette av? Kvifor er det slik?

Fleire av ungdomane eg intervjuar fortalde at dei sakna meir informasjon i eiga sak. Gut 14 år fortel han vert litt forvirra over kva dei eigentleg gjer av og til. Han skulle ynskje han fekk meir informasjon om kva møta handlar om. Han er interessert i det, seier han. Så kvifor er ikkje han med på desse møta, eller har samtalar med sin sakshandsamar om det? Som fagperson var desse opplysningane litt forbinande for meg.

Her vil eg trekke fram at svara kan vere situasjonsbetinga. Kan det vere han eigentleg meinar noko anna, eller kan det vere eg mistolkar? I eit kvart intervju er det av tyding å analysere konteksten. Konteksten kan få tyding for korleis svara frå informantane vert. (Thaagard, 2011

og Jacobsen, 2010). Det kan skuldast måten eg stiller spørsmålet på, og det kan skuldast at spørsmålet ikkje vert oppfatta rett. Dette er viktig å hugse på.

Likevel, eg tolkar ut frå dei svara eg har fått. Gut 14 år er tydeleg på at han ikkje er med på møter. Han fortel at foreldra hans formidlar til sakshandsamar på møter det han har sagt ti dei. Her kan ein trekkje inn at det verkar som sakshandsamar har god relasjon til foreldra. Likevel meiner eg det er rom for forbetring, og at gut 14 år i framtida bør få moglegheit til å vere med på møter og få den informasjon som vert gjeve av sakshandsamar. På denne måten syter ein for at brukarmedverknad skjer.

Gut 14 år tykkjer sjølv han har ei god oppleving av å vere klient i barenvernstenesta, men han ynskjer likevel å få vere meir med på avgjerder og få vite meir.

Gulbrandsen et al. (2012) skriv at mange av utgreiingane i barenvernstenesta ofte berre er basert på samtalar frå foreldra, slik som også gut 14 år fortel. Dette vert også støtta av andre studiar av born og unge som er vorte intervjuet om sine erfaringar. (Ibid).

Jente 15 år fortel at ho eigentleg er nøgd med måten ho vert informert på. Likevel trekker ho fram ei hending då ho fekk ny sakshandsamar. Ho skulle ynskje dette kunne kome fram litt på førehand. Ho fortel seinare i intervjuet at ho har vanskar med å stole på folk, og difor er det ikkje berre-berre for ho å snakke til kven som helst. Slik eg tolkar det, fekk ho ny sakshandsamar grunna overgangt frå undersøkjing til tiltak. Dette er ikkje uvanleg praksis i kommunale barnevernstenester, av den kjennskapen eg har.

Men på den andre sida, kan ein sjå dette i ljøs av mangel på informasjon. Når det vart teke ei avgjerd om tiltak, burde jente 15 år vorte fortalt at ho etter kvart kom til å få ny sakshandsamar. På denne måten kunne det vert bygd opp ein tryggleik over kva som skulle skje. På denne måten vert også brukarmedverknad nytta. Ved å få informasjon får ein også anerkjenning. Å anerkjenne eit menneske er å kunne sjå kva som er av tyding for den enkelte, og er med det ein føresetnad for brukarmedverknad. (Jenssen og Tronvoll, 2012).

Med dette vil eg absolutt seie at informasjon er av tyding for dei ungdomane eg har intervjuet. Det er viktig for dei å vite kva som skal skje i framtida, og vite kvifor og kva avgjerder som vert tekne som handlar om dei.

Dette vert også støtta av tidlegare forskning. Seim og Slettebø (2007) skriv at fleire av ungdomane dei har snakka med ikkje visste kva rettar og moglegheit dei hadde, men gjerne ynskja det.

Til sist i denne kategorien vil eg nemne at når skal gje informasjon er det også viktig å tenke på kva den tyder for mottakar. Ved å sytte symbol, altså ord er det viktig å hugse på at det må ha same tyding for mottakar også. (Levin og Trost, 2005).

5.2 Kategori 2: Relasjon

Relasjon er ein så stor kategori at den åleine kunne vore ei eiga oppgåve. Utan relasjon kjem ein ingen long veg. I alle kategoriane kan ein trekkje inn relasjon, fordi det er heilt grunnleggjande og ein føresetnad for vidare samarbeid.

Eg har fokusert på korleis ungdomane sin relasjon til sakshandsamar er. Opplev dei at dei kan seie si meining? Snakkar dei ope saman? Stolar dei på sakshandsamar? Korleis plar dei samarbeide i forhold til utarbeiding av tiltak?

Her kjem eg til å trekkje inn teori mellom anna om relasjon og samhandlingsperspektivet, teori frå Røkenes og Hanssen (2009).

For alle ungdomane har det vore viktig å ha god relasjon til sakshandsamar. Dei ynskjer å ha eit godt forhold, dette skapar tryggleik. Det kjem tydeleg fram av funna mine og dei direkte sitata at relasjon og tryggleik er viktig for alle ungdomane. Dei skildrar dette mellom anna med at det er av tyding at dei kan stole på sakshandsamaren sin, tørr å snakke opent om det dei har på hjarte og at dei vert lytta til. Det er skilnad på å få seie si meining og at nokon lyttar til det ein har å seie. Skilnaden er korleis relasjonen er. Sakshandsamar må vere interessert i det dei har å seie.

Det visar seg gjennom intervjuet at dei som har god relasjon med sakshandsamar også er nøgd med situasjonen sin her og no. Det treng ikkje naudsynt ha vore slik heile tida, her kjem det inn faktorar som flytting, byting av sakshandsamar og mogning. Men når ein ser på situasjonen her og no, kjem dette fram.

Relasjon handlar grunnleggjane om tryggleik, respekt og kommunikasjon. (Føllesø, 2006 og Aubert og Bakke, 2009). Det fyrste skrittet i det å utvikle ein relasjon, er å strekke seg ut mot andre, vere oppteken av kva den andre seier og korleis den opplev røynda. (Tjersland, Engen og Jansen, 2010). Dette skildrar også Røkenes og Hanssen (2009).

Jente 15 år fortel at då ho fekk ny sakshandsamar var begge sakshandsamarane med på nokre møter slik at overgangen skulle vere litt tryggare. Dette tykte ho var bra. På denne måten

skapar sakshandsamarane eit godt grunnlag for vidare samarbeid. Røkenes og Hanssen (2009) skriv at relasjonskompetanse handlar om å forstå og samhandle. Ein fagperson med god relasjonskompetanse kommuniserar på ein måte som gjev mening. Å vere to sakshandsamarar på ei slags overlapping av klient gjev fyrst og fremst sakshandsamar moglegheit til å setje seg godt inn i den nye klienten sin situasjon, og på denne måten vere betre i stand til å møte den nye ungdomen. Dette skapar tryggleik for ungdomen, noko jente 15 år stadfestar.

Dette er god relasjonsbygging. På denne måten nyttar begge sakshandsamarane tid på overføring av klient slik at hennar overgang skal verte gjort på ein trygg og roleg måte.

Vidare gjev dette også ungdomen moglegheit til å få vere aktiv i eiga sak. Med ein god relasjon, ligg forholda meir til rette til å kunne tørre å vere meir aktiv.

Jente 19 år tek opp eit punkt eg tykkjer er veldig viktig. Ho meiner det har mykje å seie kva for ein person ein får som sakshandsamar. Ein skal klare å stole på sakshandsamaren sin. Tillit er viktig. Ho forklarar vidare at ein skal jo samarbeide og halde seg til sin sakshandsamar, og ho har møtt mange ulike sakshandsamara opp gjennom åra, med stor variasjon av korleis dei møter ho. Dette vert støtta av det Skau (2010) skriv om at relasjonskompetanse er noko som ikkje fylgjer vitnemålet, det er noko ein personleg har i seg. For å lukkast som sosialarbeidar med mennesker er det av tyding at ein er relasjonskompetent.

Fagpersonen må for det fyrste vere i stand til å skape kontakt; å etablere ein relasjon til klienten. (Røkenes og Hanssen, 2009). På denne måten kan ein skape relasjon over tid. Det er viktig å trekke inn her at relasjon er noko som tek tid å skape. Dette vert også støtta av det Skau (2010) skriv om møter mellom mennesker. Ein skal ha tid, og ein skal ha interesse. Ein skal møte heile mennesket der det er her og no. Ein dyktig fagperson møter heile mennesket, og møter det som handlande subjekt.

Gut 17 år fortel at han er godt nøgd med sin sakshandsamar. Dei sanakkar godt i lag. Han fortel at sakshandsamar let han få snakke og ikkje avbryt. Her visar det at dei har fått ein god relasjon. Dei samhandlar godt med kvarandre. Handlingskompetanse og relasjonskompetanse (figur 1) utgjer til saman yrkeskompetanse. Dette handlar om å møte heile mennesket. Gut 17 år fortel at han stolar på sin sakshandsamar. Slik eg ser det, bunnar dette i at sakshandsamar har ein god yrkeskompetanse, og klarar å møte klienten sin der han er, her og no. (Leving og Trost, 2005).

Gut 16 år fortel at han verdsetter tillit høgt. På den måten har han noko å stole på sjølv om heile situasjonen sett i samanheng kan vere skummel.

Vidare fortel han at sakshandsamaren hans møter han på det *nivået* han er på. Slik eg tolkar det, så handlar det om at sakshandsamar er oppteken av situasjonen her og no, slik Levin og Trost (2005) snakkar om. Ved at sakshandsamar er oppteken av her og no, tenker eg også at sakshandsamar vidare har *vekting av aktivitet* (Ibid) med seg i bakhovudet.

På denne måten møter sakshandsamar sin klient det han er, samstundes som ho tenkjer at situasjonen kjem til å endre seg. Me er heile tida i endring, menneske er ikkje statiske. Det er viktig å tenke på når ein arbeidar med menneske. Korleis kan eg som sakshandsamar få best mogleg relasjon til denne ungdomen her? Og korleis kan me best mogleg få til eit vidare samarbeid saman? Då er ein nøydd til å møte klienten på det nivået den er, vise at ein bryr seg, ha relasjonskompetanse, og ikkje minst tenkje vekting av aktivitet, som ein også kan sjå i samanheng med definisjon av situasjonen. Slik ein definerar situasjonen, vil få konsekvens for vidare arbeid.

Viss sakshandsamar definerar situasjonen som noko statisk, er det ikkje rom for endring. Då ser ikkje sakshandsamar viktig av aktivitet, at mennesker endrar seg. Og det er jo nettopp det ein ofte arbeidar med i barnevernstenesta; endring i form av hjelpetiltak. Då er ein tilbake til utgangspunktet; relasjon. Her ser ein korleis ein er avhengig av god relasjon satt i samanheng for eit godt samarbeid, og for å best mogleg kunne hjelpe klienten her og no, samstundes som ein vektar aktivitet.

Tidlegare forskning støttar også tydinga av relasjon. Seim og Slettebø (2007) har forska på brukarmedverknad og det å få vere med på avgjerder. Dette skal eg ta nærare opp i kategorien om barn si stemme, men eg ynskjer kort å trekke ein samanheng her også. Som eg har vist handlar relasjon om likeverd, anerkjenning og respekt. Forsking (Ibid) tydar på at ungdomar ynskjer dialog og samarbeid. Born og ungdom er framleis personar det handlar *om*, og ikkje ein det *vert samhandla med*. (Gulbrandsen et al, 2012). Eg vonar det kan verte ei endring på dette.

5.3 Kategori 3: Barnet si stemme- om å få seie si meining og vere aktiv i eiga sak

Dette er nok den kategorien eg har vore mest spent på. Problemstillinga mi handlar om ungdom si oppleving, og vidare om dei tykkjer dei får seie sine meiningar og verte høyrte. Dette har det vore mykje fokus på under utdanning, og ein finn også tildegare forskning på det. På ei side kan ein seie at heile oppgåva mi handlar om denne kategorien. Men på den andre sida, vel eg likevel å dele det opp, då eg går mykje i djupna på ulike tema i denne oppgåva.

Ungdomane eg har intervjuar har vore veldig opptekne av temaet og svart godt på spørsmåla som har handla om dette. Dette temaet har vore forska på før, både på born og på ungdom. Det visar at det er eit viktig tema og at det har tyding.

Alle ungdomane er opptekne av denne kategorien, og ynskjer veldig å verte inkludert og vere aktiv i eiga sak. Det er viktig for dei å få seie si meining, og det å verte lytta til, vite at det det har på hjarte tyder noko.

Det er ulike svar å få når det handlar om kor aktive dei sjølv er. Det er forskjellig kor mykje dei sjølv er med på møteverksend og kor mykje kontakt dei har med sakshandsamar.

Det kan vere fleire grunnar til kvifor det er slik. Ein av grunnane er at på intervjuar kjem det fram at ungdomane sjølv har ulike behov for kor mykje kontakt det skal vere mellom dei og sakshandsamar. Nokon ynskjer meir oppfyljing, andre gjer ikkje. På denne måten ser ein at dei her får vere med på denne avgjerda.

Vidare er det litt ulike svar å få når det handlar om korleis dei opplev å få seie si meining, vere aktiv og å verte lytta til i forhold til tiltak. Nokon er nógde med det, andre er ikkje. 4 av 6 ungdomar er nógde, medan 2 av 6 ynskjer å få vere meir aktiv i eiga sak. Det fyrste eg vil drøfte her handlar om det juridiske.

I lov om barnevernstenester § 6-3 står det skildra at alle born og unge skal få moglegheit til å uttale seg før det vert gjort avgjerd. Dette ser ein også i FN sin konvensjon om born sine rettar, nærare bestemt artikkel 12; born si rett til å uttrykkje si meining. Her er det lovfesta rett til å få vere med på å seie si meining i saker som handlar om dei. Dette er likt for alle kommunar, det er ikkje valfritt om ein vil praktisere det eller ikkje. (Høstmælingen, et al.,2011).

Det kan tenke seg at sakshandsamar i dei tilfella ungdomane ikkje har vore nógde har mangla tid. Mangel på tid er noko som går igjen i alle kommunar. Det er for mange klientar per

sakshandsamar og difor rekk ikkje sakshandsamar å samtale med alle like mykje som ynskja. Ut frå det ungdomane fortel, er dette noko eg tenkjer kan vere realistisk.

På den andre sida, kan også det at dei ikkje vert lytta til, handle om det overordna prinsippet barnet sitt beste. Ein kan argumentere for at ungdomen ikkje er mogen nok, ikkje ser sitt eige beste, og på bakgrunn av det vert det teke avgjerd som er i strid med det ungdomen har ynskja. Dette finn ein også i Backe-Hansen (1995), om å vurdere barnet sitt beste. Kan det vere ungdomane har sagt si meining, men hadde ynskja å få seie meir fordi tiltak ikkje vart i samsvar med deira ynskje? Slike avgjerder er vanskelege for sakshandsamar å ta. Som eg har nemnt; barnet sitt beste-prinsippet er skjønnsvurdert og vil variere frå klient til klient, og frå sakshandsamar til sakshandsamar.

Likevel, eg vel å fokusere på at ungdomane jamnt over svarar at dei får seie si meining. Dette kan ein knyte opp mot relasjon også, og god kommunikasjon. Fleire av ungdomane fortel at dei tykkjer dei har ein open og god dialog med sine sakshandsamarar. Dei tørr seie sine meiningar, og er ikkje redde for å seie ifrå.

«Eg føler eg vert teke på alvor....»

Jente, 15 år.

Det at 4 av 6 ungdomar er nøgde med korleis dei vert involvert i eiga sak, ser eg på som positivt. Her kan ein seie at det ligg god relasjon i botn, og vidare at dei har god kommunikasjon. For å kunne seie at det er god kommunikasjon er det ein del grunnleggjande som må vere på plass, slik eg har skrive om i kapittelet om teori. Eg vil no drøfte dette inn i samanheng med at ungdomane er aktive i eiga sak, med utgangspunkt i symbolsk interaksjonisme, knytt opp mot samhandlingsperspektivet. Det handlar om brukarmedverknad i praksis.

For at sakshandsamar skal ta ungdom på alvor og la dei vere aktiv i eiga sak ved å få seie si meining, kan ein her trekkje inn definisjon av situasjonen, sosial interaksjon og her og no. Slik eg ser det, kan både sakshandsamar og klient definere situasjonen. Slik ein opplev situasjonen, vil få konsekvens ut frå den opplevinga. (Levin og Trost, 2005). Med dette i bakgrunn er det av tyding at samhandlinga mellom sakshandsamar og ungdomen er god, at sakshandsamar sikrar seg at dei begge to har forstått situasjonen og er klar over kva den andre meiner, for å unngå misforståing. Ein har eit perspektiv på samhandlinga. (Røkenes og Hanssen, 2009).

Å spørje oppfølgingsspørsmål slik som «forstår eg deg rett med...?» «Er det dette du ynskjer...?» «Forstod du kva eg meinte med dette?» «Er det noko du lurar på i forhold til dette men no har samtala om?» meiner eg er heilt naudsynt sett frå eit fagleg perspektiv. På denne måten sikrar ein seg at ein har eit perspektiv på perspektiva. (Ibid).

Dette kan ein også seie handlar om sosial interaksjon. Interagere er å samtale. Me interagerer heile tida, også gjennom det non-verbale språket. Ein kan gje uttrykk for noko i samtale med sakshandsamar utan å seie det munnleg. (Levin og Trost, 2005).

Det er også viktig å tenkje på her og no (Ibid) når ein samtalar med ungdom. Menneske er stadig i endring, me er ikkje statiske. Knytt opp til eigne meiningar og ynskjer, er det viktig å hugse på at dette endrar seg heile vegen. Sjølv om ungdom er nøgd eller ikkje nøgd med korleis dei får seie si meining, vil deira meiningar endre seg. Også viss ungdom ikkje vert møtt med tiltak som samsvarar med eigne meiningar, grunna sakshandsamar vurderer det ut frå prinsippet om barnet sitt beste-prinsippet.

Det er mange ulike perspektiv å trekkje inn i ei drøfting om dette temaet, eg har valgt å skrive om det eg vurderar som mest relevant.

Seim og Slettebø (2007) har forska på ungdom og brukarmedverknad. Eg er glad for at 4 av 6 ungdomar eg intervjuar ikkje har følt det på same måte som det som kjem fram i deira forskning. Likevel vil eg drøfte dei 2 ungdomane sine meiningar som ikkje var nøgde som eg intervjuar. Dette kan sjåast i samanheng med det Seim og Slettebø (2007) har funne. I deira forskning opplev ungdomane at dei er makteslause, at dei ikkje vert trudd og at sakshandsamar er ein fjern person. Nokon meinte også at avgjerder vart teke over hovudet på dei. (Gulbrandsen et al., 2012) skriv av mange utgreiingar i barnevernstenesta er basert på samtalar med foreldra.

Jente 16 år og gut 14 år som eg har intervjuar kjem med liknande uttalar. Jente 16 år fortel at ho som oftast får vere med i prosessen og seie sine meiningar, men at ho eigentleg ikkje har snakka så mykje med sakshandsamar.

«Eg hadde ynskja å vore med på det. Kanskje eg hadde sagt meir viss eg hadde hatt moglegheita til det.»

(Jente, 16 år).

Ut frå kategorien om informasjon kjem det fram at gut 14 år er lite involvert i eiga sak, og då tolkar eg dette som at han også ikkje er med på avgjerder eller har ein relasjon til sakshandsamar i form av samtale. Han fortalte også at han ynskja å vere med på møter.

Her kan ein trekkje samanlikning med tidlegare forskning som eg har nemnt. Det er likheit med det mine to ungdomar fortel. Kva kan dette fortelje oss? Her ser ein at det er lite brukarmedverknad i praksis. Dette kan ein knyte opp til anerkjenning og likeverd som er sentrale omgrep når det handlar om brukarmedverknad. (Jenssen og Tronvoll, 2012). Dei skriv at auka sjølvtrillit bidreg til at folk tørr seie si meining og hevde sin rett.

Med dette i bakgrunn ser ein absolutt tydinga av kor viktig det er med brukarmedverknad, anerkjenning og det å få seie si meining. Denne kategorien vert litt todelt, der dei fleste av ungdomane eg intervjuar er nøgde, men likevel er det også nokon som har noko viktig på hjarte. Eg har no satt dette i samanheng og prøvd å trekkje paralellar, for å vise med eigne ord nettopp relevansen av at det juridiske vert fulgt opp med fokus på det intersubjektive.

5.4 Kategori 4: makt

Sjølv om ungdomane eg har intervjuar ikkje nyttar direkte omgrepet makt, ser ein tydeleg i funna at det er dette det handlar om. Det som går mykje att er definisjonsmakt.

Sakshandsamar har definisjonsmakt, og kan nytte dette både positivt og negativt.

Makt kan gå føre seg på mange arenaer. Det kan vere under samtale, i vedtak, under utarbeiding av tiltak m.m. Definisjonsmakt som eg ser er den mest omtalte forma for makt under intervjuar handlar om at sakshandsamar har makt til å definere personar og situasjonar ved si tolking. Ein kan også kalle det for profesjonsmakt (Haugland, 2008), men eg vel her å halde meg til omgrepet definisjonsmakt fordi eg skal drøfte tydinga av at sakshandsamar definerar.

Med utgangspunkt i det direkte sitatet frå jente 19 år ynskjer eg å drøfte definisjonsmakt, og trekkje smanheng med for-forståing.

«Eg føler på ein måte at dei høyrer det dei vil høyre».

Gut 16 år fortel at han til tider føler seg førehandsdømd.

Som sakshandsamar i barnevernstenesta møter ein mange ulike klientar. Men etter kvart vil ein også leggje merke til at det kan vere mykje likt med dei også. Her kan ein trekkje inn forforståing som Røkenes og Hanssen (2009) skildrar. Dette handlar om korleis ein ser og forstår. Me forstår alltid ut *frå noko*. Me forstår andre på bakgrunn av våre einge erfaringar, kjensler og tankar. Dette kallar me for for-forståing, det vil seie den forståinga me tek med oss til møtet med andre mennesker. (Ibid).

Når me forstår noko, definerar me det også. Me definerar ur frå noko me forstår og tolkar. Det eg vil fram til med denne samanhengen, er at med mange opplevingar av ungdom og ulike tiltak, kan det ut frå for-forståing vere fort gjort å definere neste ungdom «slik» og «slik» fordi dei liknar på andre, tidlegare klientar og ungdomar. Kan dette ha ein samanheng med kvifor nokre ungdomar opplev at dei ikkje er nok involvert i eiga sak og ynskjer å få seie sine meiningar oftare? Eg tenker at ut frå den teorien som har vore presentet, og satt i samanheng med kvarandre, så *kan* det vere ein av fleire ulike grunnar. Sakshandsamar tek heller avgjerder litt raskt, fordi det ser «slik og slik ut». Av erfaring ser ein at slik og slik verkar.

Vidare tenkjer eg også at di betre relasjonen er, di meir involvert vert ungdomane. Her ser ein tydinga av kor viktig god interaksjon er. Med dårleg interaksjon og kommunikasjon, og lite involvering i eiga sak på bakgrunn av dårleg relasjon, vert sakshandsamar nøydd til å ta ei avgjerd.

Ein må også hugse å sjå det frå ein anna vinkel også. Dette treng ikkje berre ha samanheng med at sakshandsamar ikkje har gjeve ungdomen moglegheit til å involvere seg nok. Det kan også vere motsatt, at ungdom ikkje ynskjer relasjon og samarbeid, ungdomen ynskjer ikkje å involvere seg. Dette kan ha ulike grunnar som eg ikkje skal gå innpå her, men med dette i bakgrunn ser ein at då er sakshandsamar er nøydd til å ta ei avgjerd på eigahand. Ein må på eit tidspunkt godta at ungdomen ikkje er klar for noko samarbeid, og difor må ein på bakgrunn av dei opplysningane ein har, kome til ei best mogleg avgjerd. Ein definerar situasjonen og arbeidar fram eit vedtak ut frå det.

Eg tykkjer det er relevant å ta med eit slikt døme i denne oppgåva, for å vise nyansar, og at det ikkje alltid treng vere «svart-kvit». Sakshandsaming i barnevernstenesta er eit komplekst arbeid med mykje utfordringar som skal løysast på best mogleg måte.

Litt tilbake til at nokre av ungdomane eg har intervjuja ynskjer å få vere meir aktiv i eiga sak. Eg tykkjer det er så utruleg viktig å få dette nok fram, og kunne skrive mykje meir om det, men har valgt å ta det avslutningsvis i denne kategorien. Dette kan ein også knyte opp mot

kategorien informasjon, slik eg også skreiv i presentasjonen av funna. Gut 16 år forklarar dette godt;

«Eg tykkjer ikkje dei berre kan rekne med at eg liksom skal skjøne, og difor la vere å informere meg. Sånt vert jo feil, skjønar du?»

Det er sakshandsamar som har styringa i saksgangen, det er sakshandsamar som tek den siste avgjerda, som skal vere i tråd med barnet sitt beste-prinsipp. Men det er også sakshandsamar som skal fortelje gangen i sakshandsaminga, rettar og generell informasjon klienten måtte trenge.

Når ungdomane fortel at dei saknar informasjon og at dei skulle ynskje dei fekk vere meir med på avgjerer og diskutere, så seier det meg at det er rom for forbetring.

Thrana (2008) skriv at dei ungdomane fortel at det beste er å få vere med på å bestemme i samarbeid og i dialog med dei vaksne. Ungdomane ynskjer ikkje å bestemme *heilt* sjølv, for det vert ofte for mykje ansvar. Men dei ynskjer å *vere med* på bestemme.

Kva kan ein trekkje ut ifrå dette? Jo, me ser her at sakshandsamar har moglegheit i form av makta si til å invitere ungdom til å vere delaktig. Kva vil dette då føre til? Her kan ein trekkje inn anna teori som godt samarbeid, barnet si stemme kjem fram og ein har moglegheit til å kommunisere og verte einige samstundes som informasjon vert overført.

Når ein set alt dette i perspektiv og trekk inn alle desse omgrepa eg har skildra, sit ein igjen med eit godt utgangspunkt for godt samarbeid. På denne måten vil ein klare å skape den gode dialogen, respekten og anerkjenninga som eg tidlegare i terikapittelet om brukarmedverknad har skildra. Alt dette i saman vert brukarmedverknad.

5.5 Kategori 5: Lojalitet til foreldra

Dette er ikkje ein stor kategori, men eg vel likevel å ta den med grunna det som vart sagt om dette vurderer eg som viktig for oppgåva. Som eg sa i presentasjon av funn, eg vurderar det som viktig med tanke på deira oppleving av å vere klient.

Det fyrste som slår meg med desse funna er at her ser me tydeleg kopling til informasjon. Ungdomane som nemner dette er ikkje heilt klar over teieplikta barnevernstenesta har, eller kva den går ut på. Noko so grunnleggjande og enkel informasjon kan skape stor grad av

tryggleik, og vidare føre til at ungdomane tørr opne seg meir. På vidare sikt tenkjer eg at ein kan knyte dette saman med å utvikle betre kommunikasjon.

Jente 19 år fortel at ho hadde ei veldig beskyttarrolle overfor mammaa si, og følte ho på ein måte måtte passe på ho sidan ho var mykje sjuk og dårleg. Vidare fortel ho at ho var redd barnevernstenesta og at dei skulle ta henne vekk frå mammaa si.

Dette vert støtta opp av jente 15 år. Ho fortel ein del av det same, at ho var redd mammaa hennar ikkje skulle klare seg åleine viss dei tok henne ut av heimen. Ho var redd for å seie noko.

Som sagt innleiingsvis; ein ser her at også dette kan knytast saman med kategorien informasjon, som eg vil skildre. At born er lojale mot foreldra er heilt logisk, dette heng saman med det biologiske prinsipp. Difor er det så utruleg viktig at dei får den informasjonen dei har krav på, at dei vert forklart kva teieplikt er, og at det dei seier til sakshandsamar ikkje skal kunne brukast mot dei på noko måte.

Det er også viktig å påpeike at ungdomen ikkje har noko plikt til å snakke med barnevernstenesta. Barnevernstenesta har *plikt* til å la ungdomen få uttrykkje si meining, ungdomen har *rett* til å bli høyrte, men det er ikkje noko plikt ungdomen har. Lindboe (2008) skriv at viss ungdomen ikkje ynskjer å snakke med barnevernstenesta, må dei prøve å hente inn informasjon frå andre plassar. Barnevernstenesta må også vere varsam i forhold til risikoen ved å øydeleggje forhold mellom foreldre og borna/ungdomane. (Ibid).

Grunnen til teieplikt er mellom anna å skape størst mogleg grunnlag for tillitsforhold mellom barnevernstenesta og klientane. På denne måten kan det vere tryggare for ungdomane å samtale med sakshandsamar. (Ibid). Ofte er temaene vanskelege, og då er det av tyding for ungdomane å få vite at det dei seier ikkje vil verte brukt mot dei.

Likevel, born og ungdom er kompetente. Dei har livserfaring, dei ser ting med eige perspektiv. (Sommer, 1997). Dette kan ein knyte opp til det biologiske prinsipp, som er eit av dei overordna prinsippa i Lov om barnevernstenester. (Lindboe, 2008). Barn er svært knytt til sine foreldre, og difor naturleg at dei ynskjer å beskytte dei.

Eg vurderar det som av stor tyding det jente 15 år fortel om at ho er redd for å verte tolka feil. Kva viss ho uttrykkjer seg slik at det vert misforstått? At dei vurderar det som noko anna enn det ho meinte? Ho er redd for kva som kjem til å skje med mammaa si. Her ser ein at ho tek

på seg ei beksyttarrolle slik jente 19 år også skildra. Ein kan dra samanheng mellom det og god relasjon og kommunikasjon. Det vil kunne gjere ungdomane tryggare, og tillitten til sakshandsamar vil vokse.

Alt godt samarbeid startar med relasjon og tillitt. Det er grunnleggjande for vidare arbeid.

5.6 Oppsummering

Eg har i dette kapittelet drøfta fem ulike kategoriar, samstundes som dei også har mykje til felles og inngår i kvarandre. Det har eg vist med døme i kategoriane. det har vore viktig for meg å vise at sjølv om det er fem ulike kategoriar, så er dei likevel avhengig og utfyller kvarandre.

Det har vore ovleg spanande, og ikkje minst lærerikt å drøfte kategoriane, kome med eigne synspunkt, vise korleis eg set det i samanheng og vise tydinga av kor viktig denne problemstillinga er.

Eg har nokre tankar om det eg har drøfta. Mykje av det ungdomane seier om opplevinga av å vere klient, og om dei opplev å verte høyrte er positivt. Mange av dei føler dei får ta del og vere aktiv i eiga sak. Det er utruleg flott å høyre på intervju.

På den andre sida er det også noko som er mindre bra. Nokre av ungdomane fortel at dei har eit ynskje om å vere meir involvert i saka si, dei ynskjer meir informasjon og har hatt nokre mindre kjekke opplevingar.

Alt som ungdomane har sagt som eg har analysert og drøfta er unike historiar for kvar og ein av ungdomane. Det er deira subjektive oppleving eg har vore så heldig å få høyre. Dette er viktig å tenkje over. Eg har allereie skrive litt om det i metode om gyldigheit. Eg ynskjer å knyte det opp mot det Levin og Trost (2005) skriv om «her og no» og veking av aktivitet. Me er i ein stadig prosess, stadig i endring. Eigenskapane til oss mennesker kan endrast. Det som ungdomane har svara meg i denne oppgåva, kan endre seg viss eg hadde stilt dei same spørsmåla om att om eit halvt år. Vår oppleving endrar seg fordi me endrar oss. Me er ikkje, me gjer.

Eg har skrive mykje om relasjon mellom sakshandsamar og klient. Også min og ungdomane sin relasjon har fått tyding for korleis dei har svara. Dette er viktig å hugse på. Mine funn er ikkje noko fasitsvar, det er ungdomane sine unike opplevingar og historiar. Svara kan ha vore

påverka av meg og konteksten.

5.7 Etertanke

Kva kan ei så summere opp og konkludere med etter desse funna?

Ein ser at relasjon og kommunikasjon er grunnleggjande for vidare samarbeid og legg føringar. Alle ungdomane er opptekne av at dei ynskjer å verte høyrte og dei vil seie si meining. Det er delte opplevingar av om dei opplev dette.

Mangel på informasjon i starten av samarbeid med barnevernstenesta er noko som går igjen fleire gongar. Eg tenkjer at for å betre dette i framtida, kan det vere nyttig å fortelje litt grunnleggjande til ungdomane, fortelje om teieplikta og kva barnevernstenesta handlar om. På denne måten vil ein også kunne få bukt med eventuelle for-forståingar som ikkje samsvarar med korleis det egentleg er.

Vidare vil eg seie at eg tykkjer det er flott at fire av seks ungdomar er jamnt over nøgde med hjelpa dei får. Med bakgrunn i det dei to som er mindre nøgde fortel, ynskjer eg å seie at eg ser nytta av å ha ein eigen «barnejournal» der samtalane med klientane vert dokumentert. På denne måten vil ein kvalitetssikre at dei vert snakka med og lytta til, og det vil også på denne måten verte dokumentert kor ofte dette skjer.

Til sist vil eg seie at eg etter denne oppgåva ser tydinga av kor skjønnsmessig interaksjon er. Eg ser kor viktig det er å ha god yrkeskompetanse, kor viktig det er å ta seg tid til å lytte og prøve å setje seg inn i den andre sin situasjon. Dette trur eg er noko som alle sosialarbeidarar kan utvikle seg på.

6. Avslutning

I denne oppgåva har eg hatt fokus på ungdom i barnevernstenesta og korleis dei opplev å vere det. Eg har hatt fokus på omgrep som relasjon, kommunikasjon, barnet si stemme, brukarmedverknad, symbolsk interaksjonisme og metaperspektiv.

Eg har vist kor viktig relasjon og tryggleik, samt informasjon er for ungdomane, og at det er av tyding for godt samarbeid og relasjon. Eg har hatt fokus på ungdomane sine unike, personlege meiningar, og lot deira stemme kome godt fram ved å nytte direkte sitat i kapittel 4, der eg presenterte funn.

Oppgåva er bygd opp med ei innleiing der eg forklarar bakgrunn for val av problemstilling og gjer greie for oppgåva si oppbygging. Vidare presenterer eg ulike teoriar, som eg seinere i drøftingsdelen set i samanheng og visar at alt er avhengig og heng saman med kvarandre. I metode gjev eg ei grundig skildring av korleis eg har jobba med kvalitativt design, fortel om tankar og avgjerder, samt skriv om sterke og svake sider ved bruk av kvalitativ metode.

Det har vore viktig for meg å setje ungdomane sine meiningar i samanheng med korleis sakshandsamar i barnevernstenesta arbeidar. Her har eg trekt inn juridiske rammer, drøfta kor viktig og avgjerande god relasjon er, kva relasjon består av og visar ulike sider ved makt.

Eg vonar oppgåva er interessant å lese, det har vore særst spanande å lærerikt å få arbeide med den. Mykje tid er lagt ned i denne oppgåva, og det har vore ein god læringskurve.

6.1 Har eg svart på problemstillinga?

Eg vil så absolutt seie at eg har svart på problemstillinga. Ungdomane har svart meg godt og gjeve meg mykje informasjon å jobbe med. Eg har funne fram teori som også er med på å setje ljøs og svare på problemstillinga mi, saman med svara frå ungdomane.

Eg ynsja å finne ut korleis ungdomar opplever å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta, og om dei opplevde å få seie sine meiningar og verte høyrte. Denne oppgåva har svart på denne problemstillinga, og eg har trekt inn mange ulike faktorar som igjen er avhengige av kvarandre. Alt må sjåast i samanheng.

Eg har fått svar på *korleis dei opplever*, eg har fått svar på om dei *får seie si meining og vert lytta til*. Dei har gjeve meg gode, nyanserte svar som eg har satt saman med relevant teori og

drøfta i forhold til problemstilliga.

Eg sit igjen med mykje god kunnskap og lærdom som eg ikkje ville vore forutan.

Kjeldeliste:

Amundsen, M-L. (2012). *Uten navn på døra*. Spesialpedagogikk, tidsskrift 7/12.

Aubert, A-M. og Bakke, I.M. (2009). *Utvikling av relasjonskompetanse*. 1.utgåve, 2.opplag. Oslo: gyldendal akademisk

Backe-Hansen, E. (1995). *Til barnets beste*. Oslo: tano

Backe-Hansen, E. og Frønes, I. *Metoder og perspektiver i barne- og ungdomsforskning*. Oslo: Gyldendal akademisk

Backe-Hansen, E. og Øvreeide, H. (1999). *Sakkyndig arbeid*. Oslo: gyldendal

Berge,J. (2012). *Hør på meg!* Ein dokumentarfilm. <http://jawbe.wordpress.com/hør-pa-meg/>

Bunkholdt, V. og Sandbæk, M. (2009) *Praktisk barnevernsarbeid*. 5.utåve, 2.opplag. Oslo: Gyldendal

Dalland, O. (2007) *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal

Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode*. Oslo: universitetsforlaget

Flermoen, S. (2009). *Søkelys på organisasjon og ledelse*. 3. opplag. Bergen: fagbokforlaget

Gilje, N. og Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger*. Oslo: universitetsforlaget

Gulbrandsen, L.M, Seim, S. og Ulvik, O.S. (2012). *Sosiologo i dag, årgang 42, nr 3-4 2012. barns rett til deltakelse i barnevernet: Samsplill og meningsarbeid*. Tidsskrift

Jacobsen, D.I. (2010) *Forståelse, beskrivelse og forklaring*. 2. utgave. Oslo: Høyskoleforlaget

Jensssen, A.G og Tronvill, I.M. Red. (2012). *Brukermedvirkning. Likeveld og anerkjennelse*. Oslo: universitetsforlaget

Järvinen, M og Mik-Meyer, N. (red.) (2003). *At skabe en klient*. København: Hans Reitzels Forlag. 6. opplag

Järvinen, M, Larsen, J.E og Mortensen, N. (2005). *Det magtfulde møde mellom system og klient*. Århus: Aarhus Universitetsforlag. 3. opplag

Haugland, R. (2008). *Med makt til å krenke*. 2.utgåve. Oslo: gyldendal

Høstmælingen, N. Kjørholt, E.S og Sandberg, K. (2011) *Barnekonvensjonen*. Oslo: Universitetsforlaget

Hærem, E. og Aadnesen, B.N. (2008). *Barnevernets undersøkelse*. 2. utgåve. Oslo: universitetsforlaget

Kjønstad, A. og Kyse, A. (2008). *Velferdsrett II, Barnevern og sosiale tjenester*. 3. utave, 1. opplag. Oslo: Gyldendal

Kjørholt, A.T. (red) (2010). *Barn som samfunnsborgere- til barnets beste?* Oslo: universitetsforlaget

Kruuse, E. (2007). *Kvalitative forskningsmetoder- i psykologi og beslægtede fag*. 6.utgåve, 1.opplag. Dansk psykologisk forlag

Levin, I. og Trost, J. (2005). *Hverdagsliv og samhandling, med et symbolsk interaksjonistisk perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget

Lindboe, K. (2008). *Barnevernrett*. 5. utgave. Oslo: Universitetsforlaget

Nortvedt, P. og Grimen, H. (2009). *Sensibilitet og refleksjon*. 3. opplag. Oslo: Gyldendal

Røkenes, O.H. og Hanssen, P-H. (2009). *Bære eller briste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. 2.utgåve. Bergen: fagbokforlaget

Seim, S. og Slettebø, T. (2007). *Brukermedvirkning i barnevernet*. Oslo: universitetsforlaget

Skau, G.M. (2010). *Gode fagfolk vokser*. 3.utgåve, 6.opplag. Oslo: Cappelen Akademiske Forlag

Skau, G.M. (1996). *Mellom makt og hjelp. En samfunnsvitenskapelig tilnærming til forholdet mellom klient og hjelper*. 2. utgåve. Oslo: Tano

Sommer, D. (1997). *Barndomspsykologi. Udvikling i en forandret verden*. 2. reviderende utgåve, 5. opplag. København: Hans Reitzels Forlag

Stang, E.G. (2007) *Det er barnets sak*. Oslo: universitetsforlaget

Strandbu, A. (2001). «*Jeg forventet ikke at de skulle svinge en tryllestav...*» Foreldres erfaringer fra kontakt med barnevernstjenesten. Barnevernets utviklingssenter i Nord-Norge.

Thagaard, T. (2011) *Systematikk og innlevelse*. 3.opplag. Bergen: Fagbokforlaget

Thornquist, E. (2012). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori*. 5.opplag. Bergen: fagbokforlaget

Thrama, H.M. (2008). *Vil jeg bestemme?* 1.utgåve, 1. opplag. Oslo: gyldendal

Tjersland, O.A, Engen, G. og Jansen, U. (2010). *Allianser*. Oslo: gyldendal

Ørveide, H. (2009). *Samtaler med barn*. 3. utgave. Kristiansand: høyskoleforlaget

Vedlegg 1: Samtykkjefråsegn

INFORMERT SAMTYKKJE

Eg er informert om masteroppgåva til studenten Marita Sælevik «Korleis opplev ungdom å verte teke vare på av den kommunale barnevernstenesta?» ved universitetet i Stavanger, og samtykkjer i at opplysningar som kjem fram under intervjuet kan brukast i denne masteroppgaven.

Eg er informert om at eg kan trekke med utan at det får noko konsekvens.

Eg er også informert om at min identitet ikkje på noko måte skal gå fram i denne masteroppgåva, min anonymitet vert teke vare på, og at intervjuopptaket vil verte sletta då det er skriven ut.

Stad: _____

Dato: _____

Namn: _____

Informant

Det er berre eg som får vite om informanten sin identitet. Persondata vil verte endra på ein slik måte at ingen skal kjenne att informantane

Bånda med opptak av intervju vil verte lagra utilgjengeleg for andre, og vil verte sletta då utskrift er ferdig. Utskrift vil verte behandla konfidensielt (anonymisert).

Stad: _____

Dato: _____

Navn: _____

Student

Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervjuguide

«Korleis opplever ungdomar å verte tekne vare på av den kommunale barnevernstenesta? Opplever dei å få seie si meining og verte høyrte?»

-Ei kvalitativ studie med djupneintervju av ungdom som fortel korleis deira oppleving av å vere barnevernsbarn er.

Tema 1: Informasjon og juridiske rammer

- 1) Viss du hugsar, kan du fortelje litt om fyrste møte du hadde med barnevernet?
(Kor gamal var du, kven var med på møtet, kvar var møtet, kva snakka dykk om?) Kva tid var dette?
- 2) Fekk du noko informasjon om kva som skulle skje då barnevernstenesta tok kontakt med deg? Forstod du kva som gjekk føre seg eller var du redd og hadde mange spørjemål?
- 3) Vart du fortalt om teieplikt og dine rettigheter? Har du vorte fortalt noko av dette no?
- 4) Veit du kor mange sakshandsamarar har du hatt? Viss mange, er det ei utfordring i forhold til tillitt?
- 5) Kan du seie noko om kor ofte du er i møte med barnevernet? Tykkjer du det er for ofte, for lite? Kva tid er det møte? Ved vedtak, endring?
- 6) Når det vert teke ei avgjerd, til dømes vedtak, korleis er du med i denne prosessen? Vert dykk einig, får du seie di meining, eller er dette noko barnevernstenesta bestem og du ikkje er involvert i? Kan du seie litt om det?

7) Er du med på ansvarsgruppemøter? Kvifor, kvifor ikkje? Kan du seie noko om dette?

Tema 2: Samarbeid og relasjon til sakshandsamar

8) Korleis er din relasjon til sakshandsamar? (Snakkar dykk opent, opplev du at du kan og tørr seie dine meininger, er sakshandsamar flink til å lytte, forstår du informasjonen du får?)

9) Når du samtalar med sakshandsamar, på kva arena skjer dette? Er det på barnevernstenesta sitt kontor, heime hjå deg og din familie eller andre stadar?

10) Er det nokon med deg i samtalen? Til dømes dine foreldre, eller er det berre deg og sakshandsamar? Er du nøgd med det eller ville du hatt det annleis?

11) Etter samtale med barnevernstenesta, korleis kjenner du deg då? HAR DU FÅTT SAGT ALT? Opplev du at det er ok møte?

12) Er det lett eller vanskeleg å snakke med barnevernstenesta? Kan du seie noko om det? Varierer det ut ifrå kva dykk snakkar om?

13) Viss det er noko du treng snakke om eller lurar på, opplev du at du då kan ringe til barnevernet utan at du har eit møte?

Tema 3: Vurderingar

14) På møte, snakkar dykk begge då? Tørr du seie di meining? Eller er det mest sakshandsamar som snakkar?

- 15) Opplev du at det du ynskjer får tyding for korleis vedtak vert utarbeida? Slik at DI MEINING vert lytta til?
- 16) Opplev du å verte forstått? Eller tykkjer du at du og barnevernstenensta ikkje samarbeider?
- 17) Opplev du at det er stigmatiserande å vere barnevernsbarn? At det er flaut og noko du ikkje vil andre skal vite? Tabu. Trur du det er noko som kan verte gjort for at det ikkje skal vere slik? (til dømes meir informasjon om barnevern i skule?)
- 18) Tykkjer du at du får tilstrekkeleg med informasjon i saka di? Har du spørjemål som du ikkje har fått svar på?
- 19) Kva er det du er nøgd med hos barnevernstenensta? (kan vere kva som helst)
- 20) Er det noko som du ikkje er nøgd med? (kan vere kva som helst)

Tema 4: Framtida

- 21) Kva tenkjer du om framtida? Har barnevernstenensta snakka om framtida med deg og førebudd deg på dette?
- 22) Har du noko du ynskjer å fortelje om i tillegg til dei spørjemåla eg har stilt deg?
- 23) Ettervern: korleis opplev du at du har vorte førebudd på å klare deg åleine når du er vaksen? Økonomi til dømes

